



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga



Rapport 2013: 01

Supplerande kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune i 2012

Framsdebilde: *Kvit skogfrue, her frå området sør for Visethalsen, er ein sjeldan og freda orkidé som har uvanleg gode førekomstar i Ørskog. Ørskog kommune er faktisk mellom dei tre viktigaste kommunane i Møre og Romsdal for denne vakre arten.*

Utførende konsulent: Dag Holtan	Kontaktperson/prosjektansvarleg: Dag Holtan	ISBN 978-82-7430-259-4 (Pdf utgåve) ISSN 1891 876x
Oppdragsgjevar: Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Kjell Lyse	År: 2013
<p>Referanse: Holtan, D. 2013. Supplerande kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune i 2012. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, miljøvernavdelinga, rapport nr. 1 – 2013. 90 s. ISBN 978-82-7430-259-4 (PDF på nett).</p>		
<p>Referat: Det vart i 2012 gjennomført supplerande kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune på nordre Sunnmøre. Av i alt 58 avgrensa objekt er 17 vurdert som svært viktige for det biologiske mangfaldet (A), 25 som viktige (B) og 8 som lokalt viktige (C), medan 8 er null ut fordi dei anten ikkje inneheld prioriterte naturtypar, eller er attgrodde eller øydelagde. Størst botaniske verdiar finn ein i ulike utformingar av edellauvskog, rik kystfuruskog og ymse kulturlandskap, men både kystfjellhei og ulike våtmarksmiljø inkl. rikmyr har dels brukande biologiske kvalitetar. Av raudlista vekstar er det no kjent 17 soppar, 5 lavartar og 7 karplanter i kommunen.</p> <p>Ein skal vere forsiktig med å rangere raudlisteartane, men kan likevel slå ettertrykkeleg fast at Ørskog kommune har eit stort ansvar for å ta vare på den sjeldne og freda orkidéen kvit skogfrue (sjå framsida).</p>		
<p>Emneord: Ørskog Naturtypar Raudlisteartar Verdisetting</p>		
Fagansvarleg:	For administrasjonen:	
_____	_____	
Ulf Lucasen (Seksjonssjef)	Lindis Nerbø (Miljøverndirektør)	

Forord

På oppdrag frå fylkesmannen i Møre og Romsdal, har biolog Dag Holtan utført supplerande kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune. Oppdraget har omfatta kartlegging, verdisetting og avgrensing av naturtypar med artsinformasjon (unntatt vilt), ved både egne feltundersøkingar og innsamling og systematisering av eksisterande informasjon, og er ei vidareføring av arbeidet frå 2004. Mykje av feltarbeidet har gått med til kvalitetssikring av eksisterande kunnskap.

Bakgrunnen for kartlegginga av naturtypar er mellom anna den politiske målsetjinga, uttrykt i Stortingsmelding 58 (1996-97), om at alle kommunar i landet skal kartlegge og ha oversikt over viktige område for biologisk mangfald på sitt areal. Noreg har òg, saman med fleire andre land, slutta seg til ei internasjonal målsetjing om å stanse tap av biologisk mangfald innan 2010, det såkalla 2010-målet ("Countdown 2010", no justert til 2020). For å kunne ta vare på biologiske verdiar må ein vite kva verdiar ein har og kor desse finst. Den føreliggjande oversikta over verdifulle naturtypar i Ørskog er nok eit viktig steg på vegen i å få betre kunnskap om dei biologiske verdiane i kommunen.

Underteikna takkar for eit godt samarbeid med Kjell Lyse ved fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Det nye feltarbeidet er utført av Dag Holtan i løpet av 2012, og Perry Larsen (Skodje) har som vanleg delteke på mykje av feltarbeidet. Alle bilda i rapporten er tekne av forfattaren sjølv.

Ørskog 31.01.2013

Dag Holtan

Innhald

SAMANDRAG 7

1 INNLEIING 11

1.1	BAKGRUNN	11
1.2	KVA ER BIOLOGISK MANGFALD?	12
1.3	VERDIEN AV BIOLOGISK MANGFALD	13
1.4	TRUGSMÅL MOT DET BIOLOGISKE MANGFALDET	14
1.4.1	Fysiske inngrep	14
1.4.2	Endra driftsformer i jord- og skogbruk	14
1.4.3	Spreiing av framande organismar	15
1.4.4	Overhausting	15
1.4.5	Forureining	15
1.5	FORVALTING AV BIOLOGISK MANGFALD I KOMMUNANE	16
1.5.1	Verneområde i Ørskog	16
1.5.2	Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen	16
1.5.3	Aktiv sikring	16
1.5.4	Passiv sikring	16
1.5.5	Grunneigaravtalar	17
1.5.6	Verkemiddel i landbruket	17
1.5.7	Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020	17
1.6	FØREMÅLET MED RAPPORTEN	18
1.7	FORKLARING AV NOKRE OMGREP	18

2 METODE 20

2.1	INNSAMLING AV INFORMASJON	20
2.1.1	Viktige litteraturkjelder	21
2.1.2	Museumssamlingar, databasar, Verdsveven	21
2.1.3	Innsamling frå einskildpersonar	21
2.1.4	Feltarbeid	21
2.1.5	Bestemming og dokumentasjon	21
2.2	VERDISSETTING OG PRIORITERING	22
2.2.1	Generelt	22
2.2.2	Kriterium og kategoriar	22
2.2.3	Bruk av raudlisteartar/signalartar	22
2.2.4	Bruk av truga vegetasjonstypar	23
2.2.5	Område med lite data eller usikker status	23
2.3	PRESENTASJON	23
2.3.1	Generelt	23
2.3.2	Omtale av lokalitetane	23
2.3.3	Kartavgrensing	23

3 NATURGRUNNLAGET 24

3.1	NATURGEOGRAFI OG KLIMA	24
3.2	BERGGRUNN OG LAUSMASSAR	25
3.3	KULTURPÅVERKNAD	26

4 NATURTYPAR 28

4.1	HOVUDNATURTYPAR	28
4.2	LOKALITETAR MED NYTT FELTARBEID I 2012	30

1523101	Akslevollvatnet: Fremsteosen, nordaustsida	30
1523102	Akslevollvatnet: Fremsteosen, vestsida.....	31
1523103	Akslevollvatnet: Heimsteosen	33
1523104	Amdam aust	35
1523105	Amdam: Brattebakkane.....	36
1523106	Amdam: Ådalen	37
1523107	Liset: Bruna.....	38
1523108	Liset: Høghaugen	40
1523109	Løkmyrane (Heiane)	41
1523110	Sjøholt: Børdalen.....	42
1523111	Sjøholt: Giskemoberget.....	44
1523112	Sjøholt: Landedalen.....	46
1523113	Sjøholt: Li.....	47
1523114	Sjøholt: Sjøholtstranda aust.....	48
1523115	Sjøholt: Stormyra ved Lisetsetra	49
1523116	Solnørdalen: Aust for Engjvatnet.....	49
1523117	Solnørdalen: Haugfjellet	51
1523118	Solnørdalen: Kamben/Furenakken	52
1523119	Solnørdalen: Liafjellet, nordsida	54
1523120	Solnørdalen: Solnørdalslia	55
1523121	Solnørdalen: Svartløken (setra)	57
1523122	Solnørdalen: Sætrelia	59
1523123	Storfjorden: Gausneset	61
1523124	Storfjorden: Tysseskogen nedre	63
1523125	Storfjorden: Tysseskogen øvre	64
1523126	Vaksvik: Visetelva - Kvitneset.....	66
1523127	Vaksvik: Visethalsen.....	67
1523128	Vaksvika: Vestre Sollia	70
1523129	Vaksvikfjellet: Løken	71
1523130	Vaksvikfjellet: Sollisetra	72
1523131	Vaksvikfjellet: Vest for Sollisetra	74
1523132	Vaksvikfjellet: Vestreelva	75
1523133	Vaksvikfjellet: Visetbotnen.....	78
1523134	Vestre: Vestreberget.....	79
1523135	Ørskogfjellet: Aust for Løkelva.....	81
1523136	Ørskogfjellet: Kvanndalsetra.....	81
1523137	Ørskogfjellet: Kvanndalsetra, nord for	83
4.3	LOKALITETAR SOM IKKJE VART PRIORITERTE I 2012	85
5	RAUDLISTA 86	
5.1	RAUDLISTA VEKSTAR I ØRSKOG	86
5.1.1	Sopp	86
5.1.2	Lav	87
5.1.3	Karplanter	87
6	KJELDER	89
6.1	LITTERATUR	89
6.2	VERDSVEVRESSURSAR	90
7	KART	91

Samandrag

Bakgrunn og føremål

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltinga av det biologiske mangfaldet. Satsinga medfører tilgang på statlege tilskot. Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97): "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne blei vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Sidan har vi òg fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): "Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning". Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltinga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan betrast innanfor dei ulike verksemdene.

Metodikk

Metoden går i hovudsak ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald – DN-handbok 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det nytta ein del litteratur, Naturbasen (<http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>), databasar på Verdsveven, utskrifter frå museumssamlingar og samtalar med fagfolk og lokalkjente. For å skaffe fram ny kunnskap blei det òg gjort noko nytt feltarbeid. Informasjonen er samanstilt, og lokalitetane er verdiprioriterte etter metoden i DN-handbok 13. Dette omfattar m.a. vektlegging av indikatorartar (signalartar) og raudlisteartar osb. Informasjonen er presentert på kart, database (Access) og i rapportform.

Naturgrunnlag

Naturgrunnlaget i kommunen er kort gjennomgått, med omtale av landskap, geologi, klima og naturgeografiske tilhøve.

Naturtypar i Ørskog

Dei ulike naturtypane i Ørskog er kort presenterte. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i kommunen er særleg skog, men også for vatn, vassdrag og rikmyr og kulturlandskap er det ein del viktige område.

Som det går fram av tabell 1 er det knytt store verdier til fleire ulike naturtypar i Ørskog. Generelt kan det seiast at det ikkje uventa er størst verdier knytte til skog, rikmyr og slåttemark.

Tabell 1.1. *Naturtypelokalitetane med fordeling på hovudnaturtype, verdi og viktige område (markert med X) med tanke på oppfølging av regjeringa og Stortinget sitt mål om stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020 (jf. kapittel 1.5.7). Kodane betyr: A05= Rikmyr, A08= Kystmyr, B01= Sørvendt berg og rasmark, D01= Slåttemark, D04= Naturbeitemark, E06= Viktig bekkedrag, F01= Rik edellauvskog, F07= Gammal lauvskog, F12= Kystfuruskog og F13= Rik blandingsskog i låglandet. Lokalitetar utan verdisetting (0) gjeld område som anten ikkje er naturtypar etter metodikken det arbeidast etter, eller dei er øydelagde eller attgrodde, og slik stoda er no er liten grunn til å prioritere dei høgt. Legg merke til at naturreservata ikkje er prioriterte. Dei er også tilgjengelege i Naturbase på Internett. Område prioriterte i 2012 er med i kapittel 4.2, dei andre i tabell 4.1 i kapittel 4.3. Verdiane er elles slik: A= Svært viktig, B= viktig og C= lokalt viktig.*

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi 2005	Verdi 2012	2020
Akslevollvatnet: Fremsteosen NØ	A05	A0501		C	
Akslevollvatnet: Fremsteosen V	A05	A0501		C	
Akslevollvatnet: Heimsteosen	A05	A0501	B	B	X
Amdam aust	F12	F1203		B	X
Amdam: Brattebakkane	B01	B0101	B	C	
Amdam: Ådalen	F09	F0901		C	
Fremste Skorkja, vestsida	C01	C0104	A	A	X
Heimste Skorkja/Sandfjellet	C01	C0104	A	A	X
Liset: Bruna	F12	F1203	B	B	
Liset: Høgghaugen	F01/F12	F0103/F1203	B	A	X
Løkmyrane	A08	A0804	B	B	X
Sjøholt: Børdalen	F12	F1203		B	
Sjøholt: Bårdsgjerde	D01	D0104	A	A	X
Sjøholt: Giskemoberget	F08	F0802	B	A	X
Sjøholt: Landedalen	F07	F0702		B	
Sjøholt: Li	D01	D0104	B	B	
Sjøholt: Sjøholtstranda aust	F01	F0103		C	
Sjøholt: Stormyra ved Lisetsetra	A05	A0501	B	B	
Sjøholt: Utløpet av Ørskogelva			B	0	
Solnørdalen: Aust for Barlindhaug	D01	D0104	B	0	
Solnørdalen: Aust for Engjavatnet	E06	E0604	A	A	X
Solnørdalen: Haugfjellet	F08	F0802		B	X
Solnørdalen: Kamben/Furenakken	F13	F1302	B	B	
Solnørdalen: Liafjellet, nordsida	F08	F0802		B	
Solnørdalen: Sjøholtsetrane	D04	D0404	C	0	
Solnørdalen: Solnørdalslia	F12	F1203	B	B	
Solnørdalen: Svartløken	D01	D0104	C	B	
Solnørdalen: Sætrelia	F08	F0802	A	B	
Solnørdalen: Søraust for Dekkjavatnet			C	0	
Storfjorden: Gausneset	F08	F0802	A	A	X
Storfjorden: Lisetvatnet			C	0	
Storfjorden: Tysseskogen nedre	F08/F12	F0802/F1203		A	X
Storfjorden: Tysseskogen øvre	F08	F0802		A	X
Vaksvik: Visetelva - Kvitneset	F01	F0103		A	X

Vaksvik: Visethalsen	F13	F1301	A	A	X
Vaksvika: Aust for Hjellereiten	A05	A0501		B	
Vaksvika: Dektene	A05	A0501	C	C	
Vaksvika: Hallvarsætervatnet	A05	A0501	C	0	
Vaksvika: Nedanfor Hjellesetra	A05	A0501		B	
Vaksvika: Sollia austre	D01	D0104	A	A	X
Vaksvika: Sollia øvre	D01	D0104	B	B	X
Vaksvika: Utløpet av Vaksvikelva			C	0	
Vaksvika: Vestre Sollia	D01	D0104	C	B	
Vaksvikfjellet: Fremsteelva	A05	A0501	B	B	
Vaksvikfjellet: Grytalisetra	D04	D0404	C	0	
Vaksvikfjellet: Løken	A05	A0501	A	A	X
Vaksvikfjellet: Nord for Hjellesetra	A05	A0501	B	B	
Vaksvikfjellet: Sollisetra	D04	D0404	A	A	X
Vaksvikfjellet: Sætergrova	A05	A0501	B	C	
Vaksvikfjellet: Vest for Sollisetra	A05	A0501	A	A	X
Vaksvikfjellet: Vestreelva	A05	A0501	A	A	X
Vaksvikfjellet: Visetbotnen	A05	A0501	B	B	
Vestre: Skarbøen	D01	D0104		A	X
Vestre: Vestreberget	F08	F0802	B	B	
Viset: Øggarden	D01	D0104	B	B	
Ørskogfjellet: Aust for Løkelva	A05	A0501	B	B	
Ørskogfjellet: Kvanndalssetra	D07	D07005	B	C	
Ørskogfjellet: Kvanndalssetra, nord for	A05	A0501		B	

Raudlisteartar

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Dette kan vere ulike fysiske inngrep i form av utbygging, skogsdrift, jordbruksverksemd eller forureining m.m. Artane som etter fagleg vurdering kjem med på ei slik liste vert kalla raudlisteartar. Kva artar dette gjeld er lista opp i ein nasjonal rapport frå 2010 (Kålås mfl. 2010).

Det er registrert ei rekkje førekomstar av raudlista karplanter, sopp og lav osb. i Ørskog, og vekstar som er moglege å finne på nasjonale databasar på verdsveven er omtalte i kapittel 5.

Kunnskapsstatus

Tabell 5.1 inneheld ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Kunnskapen om vekstar og potensielle raudlisteartar i Ørskog er jamt over middels god.

Kunnskapsstatus – litteratur

Det er publisert nokså mykje litteratur frå Ørskog opp gjennom åra i ulike samanhengar. Viktige litteraturkjelder frå nyare tid er samla i tabell 2.1.

Det meste av dette materialet har vore gjennomgått i samband med naturtypekartlegginga. I tillegg kjem ulike innspel gjennom ikkje publiserte notat og e-postar frå lokalkjente m.m.

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen og styrke det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet. Kartleggingsarbeidet er finansiert av Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennom statlege tilskot.

Bakgrunnen frå sentralt hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), ”Miljøvernpolitikk for ein bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida”. Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av biologisk mangfald i alle norske kommunar. Forhistoria til dette er Brundtlandkommisjonen sin rapport frå 1997: ”Konvensjonen om biologisk mangfold”, som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992. Konvensjonen vart ratifisert av Noreg i 1993 og vart gjeldande frå 1994. Direktoratet for naturforvaltning (DN) ga i 1999 ut ei handbok (DN-handbok 13) som gir retningslinene for korleis arbeidet skal gjennomførast. Oppdaterte utgåver av handboka kom på verdsveven i 2006 og 2007 (DN 2006).

Sidan har vi fått St. meld. nr. 42 (2000-2001): ”Biologisk mangfold, sektoransvar og samordning”. Hovudkonklusjonen her er at den norske naturforvaltninga må bli meir kunnskapsbasert, og at vedtaksgrunnlaget i kommunane må betrast.

I naturmangfaldlova er dessutan følgjande prinsipp sentrale i all natur- og artsforvaltning:

§ 7. (*prinsipper for offentlig beslutningstaking i §§ 8 til 12*)

Prinsippene i §§ 8 til 12 skal legges til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndighet, herunder når et forvaltningsorgan tildeler tilskudd, og ved forvaltning av fast eiendom. Vurderingen etter første punktum skal fremgå av beslutningen.

§ 8. (*kunnskapsgrunnlaget*)

Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.

Myndighetene skal videre legge vekt på kunnskap som er basert på generasjoners erfaringer gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet.

§ 9. (*føre-var-prinsippet*)

Når det treffes en beslutning uten at det foreligg tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligg en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§ 10. (økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

§ 11. (kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver)

Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder, dersom dette ikke er urimelig ut fra tiltakets og skadens karakter.

§ 12. (miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder)

For å unngå eller begrense skader på naturmangfoldet skal det tas utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut fra en samlet vurdering av tidligere, nåværende og fremtidig bruk av mangfoldet og økonomiske forhold, gir de beste samfunnsmessige resultater.

1.2 Kva er biologisk mangfald?

Variasjonen i naturen kan beskrivast på tre ulike nivå: Gen-, arts- og økosystemnivå. Enkelt sagt er biologisk mangfald jorda si variasjon av livsformer (artsnivå – planter, dyr og mikroorganismar m.m.), inklusiv arvestoff (genetisk variasjon) og det kompliserte samspelet mellom dei ulike organismane (økosystemet).

I Rio-konvensjonen er biologisk mangfald definert slik: ”Biologisk mangfold er variabiliteten hos levende organismar uansett opphav, herunder bl.a. terrestriske, marine eller andre akvatiske økosystemer og de økologiske kompleksene som de er en del av; dette omfatter mangfold innenfor artene, på artsnivå og på økosystemnivå.” (MD 1992).

Meir presist er biologisk mangfald definert slik i naturmangfaldlova:

§ 3. (definisjoner)

I denne lov forstås med

- a) art: etter biologiske kriterier bestemte grupper av levende organismer;
- b) bestand: en gruppe individer av samme art som lever innenfor et avgrenset område til samme tid;
- c) biologisk mangfold: mangfoldet av økosystemer, arter og genetiske variasjoner innenfor artene, og de økologiske sammenhengene mellom disse komponentene;
- d) dyr: pattedyr, fugler, krypdyr, amfibier, fisk og virvelløse dyr;
- e) fremmed organisme: en organisme som ikke hører til noen art eller bestand som forekommer naturlig på stedet;
- f) genetisk materiale: gener og annet arvemateriale i ethvert biologisk materiale, som kan overføres til andre organismer med eller uten hjelp av teknologi, likevel ikke genetisk materiale fra mennesker;

- i) naturmangfold: biologisk mangfold, landskapsmessig mangfold og geologisk mangfold, som ikke i det alt vesentlige er et resultat av menneskers påvirkning;
- j) naturtype: ensartet type natur som omfatter alle levende organismer og de miljøfaktorene som virker der, eller spesielle typer naturforekomster som dammer, åkerholmer eller lignende, samt spesielle typer geologiske forekomster;
- k) organisme: enkeltindivid av planter, dyr, sopp og mikroorganismer, inkludert alle deler som er i stand til å formere seg eller overføre genetisk materiale;
- l) planter: karplanter, moser og alger;
- m) sopp: sopp og lav;
- q) virvelløse dyr: dyr uten ryggstøyle;
- r) økologisk funksjonsområde: område – med avgrensning som kan endre seg over tid – som oppfyller en økologisk funksjon for en art, slik som gyteområde, oppvekstområde, larvedriftsområde, vandrings- og trekkruiter, beiteområde, hiområde, myte- eller hårfellingsområde, overnattingsområde, spill- eller parringsområde, trekkvei, yngleområde, overvintringsområde og leveområde;
- s) økologisk tilstand: status og utvikling for funksjoner, struktur og produktivitet i en naturtypes lokaliteter sett i lys av aktuelle påvirkningsfaktorer;
- t) økosystem: et mer eller mindre velavgrenset og ensartet natursystem der samfunn av planter, dyr, sopp og mikroorganismer fungerer i samspill innbyrdes og med det ikke-levende miljøet.

1.3 Verdien av biologisk mangfold

Miljøverndepartementet (2001) knytter disse verdiane til biologisk mangfold:

- **Direkte bruksverdi:** Verdier som vert realiserte gjennom bruk av biologiske ressursar til m.a. mat, medisinar, kunst, klede, byggverk og brensel, samt bruk av natur til leik, rekreasjon, friluftsliv, turisme, undervisning og forskning.
- **Indirekte bruksverdi:** Verdi i form av livsberande prosessar og økologiske tenester som biologisk produksjon, jorddanning, reinsing av vatn og luft, vasshushaldning, lokalt og globalt klima, karbonet, nitrogenet og andre stoff sine krinslaup, økologisk stabilitet og miljøet si evne til å dempe effektar av påkjenningar som forureining, flaum og tørke. Desse verdiane er ein føresetnad for mennesket sin eksistens og økonomiske aktivitet.
- **Potensiell verdi:** Verdier som ikkje er utnytta eller kjent. Slike verdier omfattar både direkte og indirekte verdier nemnt ovanfor, og er m.a. knytte til bruk av ikkje utnytta genetiske ressursar, både når det gjeld tradisjonell foredling og genteknologi for utvikling av nye produkt med direkte bruksverdi.

- **Immateriell verdi:** Verdi som er etisk og moralsk forankra, m.a. knytt til ønsket om å vite at ein art eksisterer, komande generasjonar sine Moglegheiter og livskvalitet, og ønsket om å ta vare på landskap og natur som del av vår kulturarv og opplevingsverdi.

Til dei moralske og etiske verdiane høyrer òg naturen sin eigenverdi (DN 2006). At naturen har eigenverdi byggjer på tanken om at alle livsformer og urørt natur har verdi i seg sjølv, og skal derfor ikkje naudsyntvis sjåast på som eit middel, men som et mål i seg sjølv. Tanken om at framtidige generasjonar skal ha same Moglegheiter for ressursutnytting og naturoppleving som vi har, er i samsvar med målet om ei ”berekraftig utvikling” definert av Brundtlandkommisjonen.

1.4 Trugsmål mot det biologiske mangfaldet

1.4.1 Fysiske inngrep

Øydelegging, fragmentering og endring av naturområde er mellom dei største trugsmåla mot det biologiske mangfaldet. Særleg viktig er fysiske inngrep i samband med ulike utbyggingsføremål. Store utbyggingar kan åleine ha store negative konsekvensar, men det er summen av både små og store inngrep som over tid vil avgjere om vi klarar å ta vare på det biologiske mangfaldet. Der utbyggingspresset er stort er det ofte utbyggingsinteressene som vert sterkest vektlagde i avgjerdsprosessane. Det er eit stort utbyggingspress i Ørskog, særleg konsentrert til dyrkbart areal og strandnære område. Ein må rekne med at det i framtida òg kan verte press på fleire av dei biologisk verdifulle naturtypelokalitetane som er kartlagt gjennom dette prosjektet (sjå kapittel 4.2), sidan fleire av dei ligg nært vegar og er nokså lett tilgjengelege.

1.4.2 Endra driftsformer i jord- og skogbruk

Utviklinga i landbruket resulterer i intensivering, spesialisering og rasjonalisering av drifta, men òg fråflytting, brakklegging og attgroing. Dei største driftsendringane i jordbruket har skjedd dei siste 50 åra, og mange kulturskapte naturtypar, slik som slåttemark, naturbeitemark og haustingsskog er i ferd med å forsvinne (jf. Lindegaard & Henriksen 2011). Mykje av det lysopne, mosaikkprega landskapet frå det tradisjonelle jordbruket gror i dag att, og utviklar seg gradvis til skog. Dette medfører m.a. at planteartar som er avhengige av mykje lys og lite konkurranse går tilbake, og saman med desse også dei insekta som er knytte til desse plantane. I tillegg fører sjølv moderat gjødsling til at ein del artar går sterkt tilbake eller forsvinn heilt (t.d. Fremstad 1997). Bruken av kunstgjødsel var svært liten fram til andre verdskrigen. Etter krigen auka bruken sterkt fram til 1980-tallet. På grunn av desse endringane kan ei lang rekkje plante-, sopp- og insektartar gå tilbake eller forsvinne. Over 30 % av dei norske raudlisteartane er knytte til kulturlandskapet (Kålås mfl. 2010).

Status for Ørskog i 2012 er at det er svært lite att av tradisjonelt drive kulturlandskap, og ein del av dei tidlegare kartlagde lokalitetane (Jordal & Holtan 2005) er no såpass attgrodde at dei vart lågt prioriterte under det nye feltarbeidet. På den andre sida har kommunen nokre verdifulle slåttemarker som fekk skjøtselsplan i 2012.

I skogbruket har hogst gjennom mange hundre år redusert mengda av daud ved betydeleg. Urskog er i dag praktisk talt forsvunnen, og biologisk gammal skog med mykje daud ved utgjør berre små areal. Område med biologisk verdifull skog, m.a. rik edellauvskog og gråor-heggeskog, har dei siste 50-100 åra stadvis vortne erstatta med gran, og også sumpskog og myr har mange stader vortne drenerte og deretter tilplanta. Likevel er det framleis mange verdifulle skogsområde i Ørskog, både rik edellauvskog og ulike utformingar av kystfuruskog og gammal barskog.

1.4.3 Spreiing av framande organismar

Menneskeskapt spreiring av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i dei lokale økosystema er eit aukande problem, både for vern av biologisk mangfald og i forhold til verdiskaping. Mange innførte artar er dårleg tilpassa dei lokale økosystema, og vil forsvinne etter kort tid, men dei som klarar å etablere seg har ofte ikkje naturlege fiendar som kan vere med å regulere populasjonane, eller dei kan ha andre konkurransefordelar som fører til at populasjonane aukar kraftig (MD 2001). Dette kan føre til at stadeigne artar vert utkonkurrerte og at heile økosystem vert endra. Gjennom ratifisering av Riokonvensjonen har Noreg forplikta seg til m.a. å hindre innføring av og kontrollere eller utrydde framande artar som er eit trugsmål mot økosystem, habitat eller artar (MD 1992: artikkel 8h). I 2007 kom også norsk svarteliste (Gederaas mfl. 2007), som peikar på mange av problemartane.

Det er ikkje gjort noko systematisk arbeid med tanke på registrering av framande artar i Ørskog. Etter Artskart (<http://artskart.artsdatabanken.no>) ser ein at artar med potensielt høg til høg risiko som er funne i kommunen er slike som alaskakornell, bulkemispel, edelgran, hagelupin, klistersvineblom, lækjepestrot, platanlønn, rynkerose, spansk kjærvel og sprikjemispel. I tillegg veit ein no at også brunsneglen har etablert seg. Det same gjeld for europalerk og sitkagran. Samla sett står kommunen framfor ein del utfordringar i åra som kjem med tanke på å utrydde dei verste problemartane, eller halde dei i sjakk. Ei kartlegging av omfanget av problema og ein handlingsplan er derfor sterkt ønskjeleg innanfor ein treårsperiode. Deretter må tiltak gjennomførast utan opphald.

1.4.4 Overhausting

Hausting av naturressursar er eit gode så lenge det skjer innanfor økologisk forsvarlege rammor. Overhausting oppstår når det over ein lengre periode vert hausta meir enn populasjonen produserer. Om aktiviteten rammar artar med nøkkelfunksjonar (t.d. furu), kan ringverknadene bli store. Overhausting av ein truga eller sårbar art vil vere eit trugsmål mot arten sin eksistens. I Noreg er døma på overhausting i nyare tid særleg å finne i havet. Ein kan òg tenke seg at somme artar med små nasjonale bestandar kan vere utsette for samlarar, utan at det er kjend konkrete døme på dette i Ørskog.

1.4.5 Forureining

Forureining kan opptre både i form av lokale utslepp, som langtransportert forureining, som sur nedbør og radioaktivitet, i form av utslepp som kan påverke globalt eller òg som klimagassar og ozonnedbrytande stoff.

Lokale utslepp skuldast ofte landbruk eller kloakk. Det vert òg reist spørsmål om nedfall av nitrogen kan ha ein negativ effekt i til vanleg næringsfattige økosystem som kystlynghei eller furuskog.

Eventuelle klimaendringar vil òg kunne påverke naturen i Ørskog. Landsomfattande prognosar syner at det kan bli meir nedbør i Møre og Romsdal. Temperaturen kan stige over heile landet. Stormar kan bli meir vanlege, særleg vest- og nordpå. Verknadene vil vere størst for fjellartar (vert utkonkurrert av skog) og varmekjære artar som har nordgrensa si i Noreg. Mellom dei sistnemnde høyrer m.a. mange varmekjære planter, soppar og insekt. Desse vil kunne få ei større utbreiing enn i dag. Ørskog har òg enkelte sørlege artar som er på eller nær si kjende nordgrense, både planter, sopp- og lavartar (jf. kapittel 5). Desse artane vil kunne spreie seg vidare nordover.

1.5 Forvaltning av biologisk mangfald i kommunane

1.5.1 Verneområde i Ørskog

Fem område i Ørskog har status som naturreservat (<http://lovdata.no/for/lf/kommu-OERSKOG.html>):

- 1) Amdam naturreservat (kristtorn), verna 13. oktober 2000.
- 2) Liafjellet naturreservat (furuskog), verna 17. desember 1999.
- 3) Måslia naturreservat (myr), verna 13. desember 1996.
- 4) Nysetervatnet naturreservat (våtmark og myr), verna 25. mai 1988.
- 5) Sjøholt naturreservat (rik edellauvskog), verna 27. juni 2003.

Tidlegare har staten hatt ein vesentleg del av forvaltingsansvaret for verneområda, men dette ansvaret kan verte overført til mellom anna kommunane, dersom kommunane sjølve ønskjer det. Ørskog har ikkje eit slikt forvaltingsansvar.

1.5.2 Forvaltingsansvaret for arealet i kommunen

Forvaltingsansvaret for areal i Ørskog ligg i hovudsak i kommunen, men også private grunneigarar, særleg innan landbruket og næringslivet elles har eit viktig ansvar. Kommunen har ei sentral, overordna rolle fordi den er ansvarleg for ein samla og langsiktig arealdisponering. I tillegg kan kommunen oreigne, og er lokal skog- og landbruksmyndigheit med ansvar for planlegging, rettleiing og informasjon.

Arealet skal i første rekkje forvaltast av kommunen gjennom bruk av plan- og bygningslova (PBL). I arealplanlegginga har kommunen òg eit ansvar for kartlegging og forvaltning av biologisk mangfald. Derfor er det viktig å få kunnskap om og oversyn over kvar i kommunen det er verdifulle område som krev at ein tek særlege omsyn. God kunnskap om slike område er viktig når avgjerder om utnytting av naturområde skal takast. Etter St. meld. nr. 42 skal kommunane utøve kunnskapsbasert naturforvaltning, jf. også naturmangfaldlova. Kunnskap om viktige naturområde i Ørskog er samla i denne rapporten. Det må forventast at denne kunnskapen vert nytta aktivt i forvaltninga, og at kunnskapen vert formidla til dei som er eigarar av særleg verdifulle kulturlandskap, skog (ofte utan å vite om det) og til skulane.

1.5.3 Aktiv sikring

Kommunane har dei juridiske verkemidla som trengst for å ta vare på område gjennom plan- og bygningslova, men i dag er §§ 8-12 i naturmangfaldlova likevel meir aktuelle.

1.5.4 Passiv sikring

Kommunen kan sørge for at ein styrer unna dei viktigaste områda for biologisk mangfald når det skal byggast ut eller gjerast større naturinngrep. Ofte finst det alternative plasseringar for tiltak, og i slike tilfelle bør ein velje det som har minst negativ påverknad på det biologiske mangfaldet. Identifiserte område som er viktige for biologisk mangfald skal elles vektleggast i planlegginga i kommunane (jf. naturmangfaldlova).

1.5.5 Grunneigaravtalar

Frivillige avtalar har den fordel at konfliktgraden ofte er låg, og at ein unngår erstatningskrav. På lang sikt er slike avtaler likevel ofte noko usikre, t.d. i samband med grunneigarskifte eller ved endra økonomiske vilkår. I skogvernet er frivillig vern norma i dag (sidan 2003).

1.5.6 Verkemiddel i landbruket

Fleire tilskotsordningar er i dag tilgjengelege for tiltak som tek vare på det biologiske mangfaldet i jordbrukslandskapet. For å oppnå areal- og kulturlandskapstillegg må ein unngå større endringar eller inngrep i kulturlandskapet. Det vert gitt økonomisk stønad til tiltak som går ut over det som reknast som vanleg landbruksdrift, t.d. skjøtsel av slåttemark og naturbeitemark. Denne ordninga er frå 2004 overført til kommunane (SMIL-midlar, tidlegare STILK-midlar). Det er *svært viktig* at kommunane aktivt brukar denne Moglegheita til å ta vare på biologiske verdier i kulturlandskapet, og ikkje berre bygningar og kulturminne. I Ørskog må grunneigarane i biologisk verdifullt kulturlandskap følgjast spesielt opp for å sikre at dei biologiske verdiane ikkje går tapt. Her er det kanskje òg naudsynt med direkte økonomisk stønad for å gjennomføre ein biofagleg riktig skjøtsel.

1.5.7 Strategi for stopp av tap av biologisk mangfald innan 2020

Grunnlova si § 110b krev at naturkvalitetane vert tekne vare på for ettertida og etterslekta. Det same gjer føremålsparagrafen i naturmangfaldlova. St.meld. 42 (2000-01) om biologisk mangfald presenterte følgjande nasjonale resultatmål:

- 1) Eit representativt utval av norsk natur *skal vernast* for komande generasjonar.
- 2) I truga naturtypar *skal ein unngå inngrep* og i omsynskrevjande naturtypar *skal viktige økologiske funksjonar oppretthaldast*.
- 3) Kulturlandskapet *skal forvaltast* slik at kulturhistoriske og estetiske verdier samt biologisk mangfald vert oppretthalde.
- 4) Hausting og annan bruk av levande ressursar *skal ikkje* føre til at artar eller bestandar vert utrydda eller truga.
- 5) Menneskeskapt spreining av organismar som ikkje høyrer naturleg heime i økosystema, *skal ikkje* skade eller avgrense økosystema sin funksjon.
- 6) Truga artar *skal oppretthaldast* på eller byggast opp att til livskraftige nivå.
- 7) Jordressursar som har potensial for matkornproduksjon *skal disponerast* slik at ein tek omsyn til framtidige generasjonar sine behov.

Seinare har både regjeringa og Stortinget sett seg som mål at tap av biologisk mangfald i Noreg *skal stoppast* innan 2010 (seinare justert til 2020). Dette er ei vesentlig utviding av målet ved det internasjonale Rio+10-møtet i Johannesburg i 2002, der den offisielle anbefalinga var at landa *burde redusere vesentleg tapet* i same tidshorisont.

For å oppfylle dette målet *må* i det minste følgjande saksområde utgreiast i Ørskog i 2011, for deretter å følgjast opp gjennom tiltaksplan og konkret handling:

- Raudlisteartar. I den offisielle norske raudlista over truga artar (Kålås mfl. 2010) går det fram at flest truga artar er knytte til skog og kulturlandskap. For Ørskog er desse artene nærmare omtalte i kapittel 5.

- Truga vegetasjonstypar. I rapporten om truga vegetasjonstypar i Noreg (Lindegaard mfl. 2011) finn vi følgjande truga typar representerte i Ørskog: kroksjøar, meandarar og flomlaup (EN), slåtteeng (EN), kystlynghei (EN), lågurt-lyngfuruskog (NT) og fosseberg og fosseeng (NT).
- Viktige lokalitetar/område for biologisk mangfald. For å oppfylle målet om stopp av tap av naturmangfald innan 2020 må strategiplanen for Ørskog som eit minimum ta særlege omsyn til lokalitetane som er nemnde under (jf. tabell 1.1 og lokalitetsomtalan i kapittel 4). Her er det tatt høgd for førekomst av raudlisteartar, truga vegetasjonstypar og inngrepsfrie område (i høve til små nyare negative inngrep), og viktige viltfunksjonar er òg inkludert når det gjeld førekomst av raudlista artar. Lokalitetane i tabell 1 med verdi A peikar seg ut som dei viktigaste her.
- Tiltaksplan. Sikring av desse områda mot inngrep og ein aktiv, riktig skjøtsel av kulturlandskap er det *absolutt minste* ein bør forvente av ein tiltaksplan. Ein slik tiltaksplan må sjølvstøtt og følgjast aktivt opp. Dette vil på kort sikt vere ein god start på arbeidet med å sikre seg mot tap av biologisk mangfald i Ørskog.
- Framande artar. Som nemnt i kapittel 1.4.3 må ein òg kartlegge utbreiing og omfang av framande artar, samtidig som også dette området må følgjast opp med ein tiltaksplan og aktiv handling.

1.6 Føremålet med rapporten

Hovudføremålet med dette prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfaglig grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i Ørskog kommune, slik at ein i større grad kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet.

Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde i landskapet elles (jf. kapittelet om metodikk).

1.7 Forklaring av nokre omgrep

Beitemarksopp: Grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i natureng og naturbeitemark.

Biologisk mangfald (sjå kapittel 1.2) omfattar mangfald av:

- naturtypar (økosystemnivå)
- artar (artsnivå)
- arvemateriale innan artane (genetisk nivå)

Indikatorart (signalart): Ein art som på grunn av strenge miljøkrav er berre finst på stader med spesielle kombinasjonar av miljøtilhøve. Slike artar kan dermed gi god informasjon om miljøkvalitetane der dei lever. Ein god indikator-/signalart er vanleg å treffe på når desse miljøkrava er stetta. For å identifisere ein verdifull naturtype bør helst fleire indikatorartar vere til stades.

Kontinuitet: I økologien nytta om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøtilhøve over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). I kulturlandskapet kan det t.d. dreie seg om gjenteken, årleg forstyrring i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t.d. vere kontinuerlig tilgang på daud ved av ulike dimensjonar og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

Lungeneversamfunnet: Nyttar om ein del store lavartar som er avhengige av stabile fukttilhøve og eit stabilt mikroklima over tid for å få optimale veksttilhøve. Best kjente er lungenever, kystnever, skrubbenever og sølvnever, men samfunnet inneheld langt fleire artar.

- Naturbeitemark:** Gammal beitemark med låg grad jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. Sjå også tradisjonelt kulturlandskap under.
- Natureng:** I snever forstand gamle slåttemarkar med låg grad av jordarbeiding, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar vert omgrepet nytta i vidare forstand om gras- og urterik vegetasjon både i både gammal slåttemark og gammal naturbeitemark.
- Naturengplanter:** Planter som er knytte til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. Dei har derfor tyngdepunktet sitt i natureng og naturbeitemark, og er dermed ein parallell til beitemarksoppane (jf. Jordal & Gaarder 1999).
- Nøkkelbiotop:** Ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett vert tilfredsstilt andre stader i landskapet.
- Oseanisk:** Som har å gjere med kysten og havet. Vert nytta om eit klima med milde vintrar og kjølige somrar, dvs. liten forskjell mellom sommar og vinter, og mykje og hyppig nedbør. Oseaniske planter og oseaniske vegetasjonstypar trivst best i eit slikt klima. Det motsette av oseanisk er kontinental.
- Raudlista:** Liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (Kålås mfl. 2010).
- Svartelista:** Eit oversyn over innførte artar, med ei vurdering av kor skadelege desse kan vere for stadeigen natur (Gederaas mfl. 2012).
- Tradisjonelt kulturlandskap:** Dominerande typar av jordbrukslandskap slik dei var for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauring og lynchheiskjøtsel, kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som natureng, naturbeitemark, hagemark, haustingsskog, slåttelundar og lynchhei.

2 Metode

2.1 Innsamling av informasjon

Informasjonen i denne rapporten kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, dels frå eige feltarbeid. Arbeidet har gått ut på å identifisere område som er særlig verdifulle for det biologiske mangfaldet, område som t.d. er spesielt artsrike eller er levestad for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskar med å finne leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i DN-handbok nr. 13 (Direktoratet for naturforvaltning 2006, oppjustert 2007).

Døme:

- Ein registrerer ikkje alle strender, men t.d. større, artsrike strandområde.
- Ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t.d. artsrike naturbeitemarkar med artar som indikerer kontinuitet i gammal driftsform.
- Ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t.d. næringsrike vatn i låglandet.
- Ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t.d. rik edellauvskog med alm, ask, eik, lind, hassel eller svartor og mange varmekjære artar.
- Ein registrerer ikkje alle bergskrentar, men t.d. artsrike, nordvendte berg med sjeldan, kystbunden moseflora eller rike, sørvendte rasmarkar osv.

Kartlegging av fisk og fiskebestandar inngår ikkje i dette metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område. Handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN-handbok 15 på Verdsveven), viltkartlegging etter DN-handbok 11 (DN 1996) er derfor ikkje nytta her.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må sette seg inn i eksisterande kunnskap, deretter samle inn ny kunnskap (feltarbeid), og til slutt systematisere materialet, prioritere lokalitetane og presentere dette på kart og i rapport eller liknande.

2.1.1 Viktige litteraturkilder

Tabell 2.1. Dei viktigaste nyare, skriftelege kjeldene som er nytta for å kartlegge eksisterande naturinformasjon frå Ørskog, med kort kommentar til innhaldet.

Kjelde	Kommentar
Holtan, D. 2011. Vaksvik III småkraftverk. Virkninger på biologisk mangfold. 21 s. (utredning for grunneier).	
Holtan, D. 2011. Vaksvik II småkraftverk. Virkninger på biologisk mangfold. 20 s. (utredning for grunneier).	
Holtan, D. & Grimstad, K.J. 2007. Tverrelva småkraftverk, Ørskog kommune. Virkninger på biologisk mangfold. 25 s. (utredning for HydroPool-gruppen).	
Holtan, D. & Larsen, P.G. 2011. Vestreelva småkraftverk. Virkninger på biologisk mangfold. 21 s. (for Vestrekraft SUS).	
Jordal, J.B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 2-2005. 78 s. + kart. ISBN 82-92647-02-3.	All kunnskap til og med 2004 er samla her

2.1.2 Museumssamlingar, databasar, Verdsveven

Lav-, (NLD) sopp- (NMD) og mosedatabasane (NBD) ved Naturhistorisk Museum i Oslo er kontrollerte på Verdsveven i januar 2013, sjå kapittel 5.2. Også Artsdatabanken (www.artsdata.artsdatabanken.no) har no opplysningar om artsfunn. Sjølv om det er mykje overlapp mellom Artsdatabanken og universitetsdatabasane er det somme tilleggsopplysningar å finne her. Aktuelle verdsvevadresser er lista opp i kapittel 6.3.

2.1.3 Innsamling frå einskildpersonar

Ein del enkeltpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Ørskog. Noko av denne informasjonen er innsamla. Det er eit stort arbeid å samle inn all denne informasjonen, og det hadde vore ønskjeleg å kunne nytta noko meir tid til dette. Særleg opplysningane frå Perry G. Larsen (Skodje) og Stein Erik Busengdal (Stordal) har vore nyttige.

2.1.4 Feltarbeid

Eigne feltregistreringar vart gjort i fleire bolkar i vekstsesongen i perioden 2012, med eit par turar også i 2013.

2.1.5 Bestemming og dokumentasjon

Bestemming av planter er gjort ved hjelp av Lids Flora (Lid & Lid 2005), og norske namn følgjer denne utgåva. Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog mfl. (1994) og Holien & Tønsberg

(2006). Særleg interessante funn (mest planter og sopp) er eller vil bli send til Botanisk museum i Oslo (NHM), der dei skal vere fritt tilgjengelege for alle interesserte. Vitskapelege namn følgjer dei publikasjonane som er nytta i arbeidet. Offisielle norske namn leggst elles fortløpande ut på verdsvevsida til Artsdatabanken <http://www2.artsdatabanken.no/artsnavn/>.

2.2 Verdisetting og prioritering

2.2.1 Generelt

Ved verdsetting av naturmiljøet vert det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsette enkelte naturmiljø eller artar høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og artar som er sjeldne er viktigare å ta omsyn til enn dei som er vanlege (fordi dei er meir sårbare).
- Naturmiljø og artar som er i tilbakegang er viktigare å omsyn til på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang.

2.2.2 Kriterium og kategoriar

Verdisettingskriteria følgjer DN-handbok 13 (DN 2006). Verdisettinga skjer etter ein tredelt skala:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

I denne rapporten er kriteria i DN-handbok 13 for verdsetting av naturtypar og raudlisteartar innarbeidd. Desse gir heilt klart rom for noko skjøn. Ein del lokalitetar som truleg ikkje tilfredsstillar kriteria for kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å bli plassert i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t.d. førekomst av artar som er raudlista som sårbare (VU) eller truga (EN, CR) eller dei må vere særleg velutvikla og artsrike. For å bli plassert i kategori B vert det ikkje stilt like strenge krav, men enkelte definerte vilkår må likevel vere oppfylte.

2.2.3 Bruk av raudlisteartar/signalartar

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det som regel nemnt mange artar som er funne på lokaliteten. Dette kan vere for å illustrere trekk ved t.d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsette den. Enkelte artar vert tillagt særleg vekt ved verdsettinga. Desse er:

- Raudlisteartar
- Signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtalte i eit eige kapittel i rapporten (kapittel 5). Signalartar vert kort omtalte her. Nedafor er berre enkelte artar som er nytta som signalartar i nokre naturtypar og vektlagde i verdsettinga nemnde.

- Kulturlandskap: Naturengplanter og beitemarksoppar etter liste m.a. i Jordal & Gaarder (1999).
- Skog: breiflangre, fuglereir, furuvintergrøn, junkerbregne, kransmynte, lundgrønaks, myske, raudflangre, sanikkel, skogfaks, skogsvingel, skogsvinerot, svarterteknapp, taggbregne, tannrot, trollbær, vårerteknapp og vårmarihand o.a.

- Myr: bjønnbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne, engmarihand, engstorr, gulsildre, gulstorr, jåblom, loppestorr, stortviblad og svartopp o.a.

I tillegg kjem ein del lavartar knytte til det såkalla lungeneversamfunnet og enkelte mikrolavar, der regnskogsartar vert tillagt særleg vekt.

2.2.4 Bruk av truga vegetasjonstypar

Ein rapport om nasjonalt truga vegetasjonstypar (Lindegaard & Henriksen 2011) er brukt som støtte ved verdivurderinga.

2.2.5 Område med lite data eller usikker status

Potensielt interessante lokalitetar som det finst lite informasjon om, eller som er undersøkte men ikkje prioriterte, er dels samla i tabell 1. Ein kan her berre vise til behovet for vidare kartlegging.

Årsaker til at lokalitetar ikkje er avgrensa og prioriterte kan vere:

- Lokaliteten er ikkje undersøkt, kanskje avstandsbetrakta med kikkert, eller datagrunnlaget er for dårleg.
- Lokaliteten er undersøkt, men ein har så langt ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar til at naturtypen vurderast som prioritert.
- DN-handbok 13 om biologisk mangfald prioriterer ikkje dei biologiske verdiane som er påviste.
- Økonomiske omsyn, avgrensa av økonomien i prosjektet.
- Føringar frå DN om kva som skal prioriterast.

2.3 Presentasjon

2.3.1 Generelt

Generell omtale av kommunen med geologi, lausmassar og ulike naturtypar er samla i egne kapittel. Dei mest verdifulle områda er omtalte på egne faktaark i kapittel 4.2. Raudlisteartar er omtalte i kapittel 5.

2.3.2 Omtale av lokalitetane

Dei enkelte lokalitetane er omtalte på egne faktaark. Ein har her følgd DN-handbok 13, av og til med mindre justeringar. Trugsmål nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men også slike som kan bli aktuelle i framtida. T.d. er det for skog konsekvent ført opp hogst eller fysiske inngrep som ein negativ faktor. For dei fleste lokalitetane kan fysiske inngrep på eit eller anna tidspunkt verte eit trugsmål.

2.3.3 Kartavgrensing

Alle nummererte lokalitetar er teikna inn på flyfoto (jf. <http://www.gislink.no/kart/index.html>). Ut frå dette er lokalitetane digitaliserte. Avgrensingane burde bli temmelig nøyaktige i desse formata. Ein må likevel oppfatte dei fleste avgrensingane som omtrentlege og orienterande, særleg dei større lokalitetane i skog. I tilfelle planar om nye tiltak eller inngrep må det alltid gjennomførast synfaring for om Mogleg å få ei meir detaljert avgrensing.

3 Naturgrunnet

3.1 Naturgeografi og klima

Ørskog kommune har eit landareal inkl. ferskvatn på 130 km². 79 km² ligg høgare enn 300 m o.h., medan 21 km² ligg under 160 m o.h., i gjennomsnitt 400 m o.h. Arealet av ferskvatn er 3 km², fordelt på 49 vatn. For skog er det gitt opp totalt 72 km², og mykje av dette er furuskog. Kring 5 km² er registrert som myr. Rikmyr, som er viktige for ei rad sjeldne artar, er ganske utbreidd kring Vaksvikfjella og Ørskogfjellet (kjelde for arealopplysningar: Statistisk Sentralbyrå).

Topografien i Ørskog vekslar mykje. Typisk er eit kupert fjordlandskap små dalar, åsdrag og fjell.

Klimaet i Ørskog er eit typisk kystklima, med milde vintrar og etter måten kjølige somrar. Dei store topografiske skilnadene innan kommunen påverkar lokalklimaet mykje. Naturgeografisk ligg Ørskog kommune i sterkt til klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O3 – O2), dels humid underseksjon (O3h), og i boreonemoral (BN) til lågalpin (LA) vegetasjonssone, med dei boreale og alpine områda i fjellet (Moen 1998). I praksis betyr dette eit fuktig, relativt mildt klima og lang vekstsesong, typisk for denne delen av Vestlandet.

3.2 Berggrunn og lausmassar

Mestedelen av berggrunnen er gråsteinsberg (sur og næringsfattig granittisk gneis). Dette har mykje å seie for plantelivet. Rikare bergartar med artsrik flora er såleis sjeldsynt. Også på oppblåst skjelsand vil det ofte vere meir kalkkrevande artar.

Når det gjeld lausmasser er det mange stader morenemateriale, medan det særleg i fjord- og dalsider er mykje skredmateriale. I tillegg er her ein del næringsrike, marine strandavsetningar.

Figur 3.1. Berggrunnskart over Ørskog (<http://www.ngu.no/no/hm/Kart-og-data/Berggrunn/>). Kjedeleg og næringsfattig berggrunn i Ørskog generelt, då NGU digitalt opplyser at det berre er gneisar i kommunen. Dette er ikkje heilt riktig, og m.a. ved Viset er det innslag av næringsrik gabbro. Også glimmerskifer og glimmergneis kjem inn fleire steder, og også denne er litt næringsrik.



Figur 3.2. Utsnitt av lausmassekart over Ørskog (<http://www.ngu.no/kart/losmasse/>). Mest interessant, og næringsrik, er dei marine strandavsetningane markert med mørkt gråblå farge. Disse er likevel i hovudsak bygd ned, eller sterkt negativt kulturpåverka, med eit utarma naturmangfald.



3.3 Kulturpåverknad

Det finst knapt ein einaste kvadratmeter i dei tilgjengelege delar av Ørskog som ikkje på ein eller annan måte er eller har vore kulturpåverka. Mykje av den tilgjengelege strandlina og nedlagt dyrkamark eller dyrkbar mark i flatare område er bygd ned, ikkje minst i samband med den sterke folkeauken dei seinare åra. Samstundes er det planta platanlønn og ulike typar gran ein del stader, og desse er i ferd med å invadere skog og kulturlandskap. Ørskog er i dag ein typisk landbruks- og småindustrikommune, med ein del mekanisk industri og anna, og industrien har bandlagt ein del areal i inn- og utmark.

Om utviklinga held fram på same måte, med vidare nedbygging særleg i låglandet, vil det truleg oftare kunne dukke opp konflikhtar i høve til å få byggje i ein del av dei verdifulle naturtypelokalitetane i kommunen. Dette må ein unngå, både av omsyn til det biologiske mangfaldet, til friluftslivet, og ikkje minst i tilhøvet til mål og føringar frå sentrale myndigheiter, som seier at tap av naturmangfald skal stansast innan 2020. Ørskog kommune bør snarast utarbeide ein strategiplan i tilhøve til 2020-målet, helst allereie i 2013 (jf. tabell 1 og kapittel 1.5.7). Nytt frå 2009 er også naturmangfaldlova, kor det kan utarbeidast forskrifter for utvalte naturtypar og prioriterte artar.

Figur 3.3. Inngrepsfrie naturområde i Ørskog (<http://www.dirnat.no/kart/inon/>), oppdatert januar 2008.



4 Naturtypar

4.1 Hovudnaturtypar

Ørskog kommune har førekomst av alle dei sju hovudnaturtypane frå DN-handbok 13: Myr (A), Rasmark, berg og kantkratt (B), Fjell (C), Kulturlandskap (D), Ferskvatn/våtmark (E), Skog (F) og Havstrand/kyst (G).

Tabell 5. Grovt oversyn over hovudnaturtypane i Ørskog kommune, med framheving av viktige område og naturtypar. Det er gjort ei enkel vurdering av kartleggingsstatus. I tillegg vert det foreslått vidare kartlegging og eventuelle tiltak der dette vurderast som naudsynt.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
Myr God kartleggingsstatus, og truleg er alle rikmyrene no fanga opp.	Ta vare på det som er att av rikmyr i kommunen. Særleg viktig er det for dei store områda aust og vest for det gamle sportskapellet oppe i Vaksvika, som er truga av nedbygging.
Rasmark, berg og kantkratt Ikkje avgrensa som eigne lokalitetar, finst som innslag i mange av dei brattare lokalitetane, truleg god kartleggingsstatus.	Ingen spesiell.
Fjell Kalkrike fjellområde finst i grenseområda mot Stordal, med to tidlegare avgrensa og svært viktige område.	Ingen spesiell.
Kulturlandskap Både for naturbeitemark og slåttemark er det no god kartleggingsstatus.	Følgje opp og ta vare på viktige og svært viktige lokalitetar. Det er utarbeidd skjøtselsplanar for 5 område i 2012, og i tillegg treng i alle fall Sollisetra ein slik plan.
Skog Alle aktuelle område burde no vere fanga opp. God kartleggingsstatus både for edellauvskog og furuskog.	Ta vare på alle viktige og svært viktige område.

Hovudnaturtype, tilstand og kartleggingsstatus	Oppfølging
<p><i>Ferskvatn/våtmark</i></p> <p>Generelt god kartleggingsstatus etter dei tidlegare undersøkingane.</p>	<p>Dei viktigaste områda er dels verna (Nysetervatnet) pluss at Solnørvassdraget er varig verna.</p>
<p><i>Kyst og havstrand</i></p> <p>Dårleg til middels god kartleggingsstatus etter dei tidlegare undersøkingane.</p>	<p>Vestrefjøra er ikkje godt nok kartlagt, og er einaste aktuelle lokalitet i kommunen.</p>

4.2 Lokalitetar med nytt feltarbeid i 2012

Nedanfor er alle område med nytt feltarbeid eller feltobservasjonar i 2012 omtalte, med opplysningar om naturtype, naturverdi og om det er gjort registrering av artar på lokaliteten. Når det gjeld kva artar som vert nemnde, har ein forsøkt å avgrense desse til signalartar, raudlisteartar eller interessante artar generelt, samt artar som er karakteristiske for den aktuelle naturtypen. Nr. for lokalitetar i Naturbase er nemnd, og avgrensingane for desse kan vere annleis no enn tidlegare.

Forkortingar: DH = Dag Holtan, PL = Perry G. Larsen

1523101 Akslevollvatnet: Fremsteosen, nordaustsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattgrodd myr
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg øvst i Solnørdalen, på nordaustsida av Akslevollvatnet, grensande til Mevatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen har mest K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Av karplanter er typisk nok bjønnskjegg og blåtopp dominante, dels også rome og pors, med innslag av andre oseaniske artar som heiblåfjør, heisiv og kystmyrklegg. Meir kravfulle artar er slike som bjønbrodd, breiull, dvergjamne, jåblom, kornstorr, kvitmyrak, myrsnelle, skogsiv, svarttopp og særbustorr. Nykkesiv er her nær si nordvestgrense.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har tidlegare vore beita i lang tid, men denne bruken er meir tilfeldig i dag. Det ser ikkje ut til at her har vore t.d. torvtekt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei store, opne eller noko skogklede myrflatene ein finn i områda rundt vatna øvst i Solnørdalen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den er intakt, med innslag av ein del meir eller mindre kravfulle rikmyrsartar. Sidan viktige orkidear som brudespore, engmarihand og stortviblad ser ut til å mangle, held det ikkje til verdi B (viktig).



Figur4.1. Frå rikmyra nordaust for Akslevollvatnet, her med mykje breiull, bjørneskjegg og pors i framgrunnen. I bakgrunnen ser ein Furenakken/Kamben (345 m o.h.).

1523102 Akslevollvatnet: Fremsteosen, vestsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattgrodd myr
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg øvst i Solnørdalen, på nordaustsida av Akslevollvatnet, sørvest for Mevatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen har mest K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har innslag av M2 middelerik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Av karplanter er typisk nok bjønnskjegg og blåtopp dominante, med innslag av andre oseaniske artar som heiblåfjør, heisiv, kystmyrklegg og rome. Meir kravfulle artar er slike som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, kornstorr, myrsnelle, skogsiv og svarttopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har tidlegare vore beita i lang tid, men denne bruken er meir tilfeldig i dag. Det ser ikkje ut til at her har vore t.d. torvtekt.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremøn for vegetasjonen om beitinga takast opp att.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjør ein lokalt viktig del av dei store, opne eller noko skogkledde myrflatene ein finn i dei høgareliggende områda rundt vatna øvst i Solnørdalen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den er intakt, med innslag av ein del meir eller mindre kravfulle rikmyrsartar. Samla sett er området etter måten artsfattig, og sidan m.a. viktige orkidear som brudespore, engmarihand og stortviblad ser ut til å mangle, held det ikkje til verdi B (viktig).



Figur 4.2. Frå rikmyrflekkane på nordvestsida av Akslevollvatnet, her med bjørneskjegg, breiull og pors. I bakgrunnen skimtar ein Lebergsfjellet (628 m o.h.).

1523103 **Akslevollvatnet: Heimsteosen**

Nummer i Naturbase:	BN00021527
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattgrodd myr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er lokalitet 38 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg øvst i Solnørdalen, på sørvestsida av Akslevollvatnet, grensande til innmarka på småbruket Akslevollen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Tidlegare har her truleg vore D2 slåttemyr. Vegetasjonen har mest M2 middelrik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk.

Artsmangfald: Av karplanter er nok blåtopp og pors dominante, dels også rome, med innslag av andre oseaniske artar som heiblåfjør, heisiv og kystmyrklegg. Meir kravfulle artar er slike som bjønbrodd, breiull, brudespore (sjeldan), dvergjamne, jåblom, engstorr, fjelltistel, grov nattfiol, klubbstorr, kvitblattistel, liljekonvall, loppestorr, sumphaukeskjegg, storblåfjør, stortviblاد (17 ind. talt, spreidd) og svarttopp. I kantsoner finn ein i tillegg kvitblattistel, mjødurt og sløkje.

Bruk, tilstand og påverknad: Her har tidlegare vore beita i lang tid, truleg også slått, men denne bruken er meir tilfeldig i dag. Det ser ikkje ut til at her har vore t.d. torvtekt.

Framande artar: I kantsoner veks både gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att. Framande treslag bør ikkje få etablere seg på myra.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein lokalt viktig del av dei store, opne myrflatene ein finn i dei høgareliggande områda rundt vatna øvst i Solnørdalen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er intakt, med innslag av ein del kravfulle rikmyrsartar, m.a. viktige artar som engstorr, klubbstorr og stortviblاد.



Figur 4.3. Frå området på sørvestsida av Akslevollvatnet (i bakgrunnen), med mykje breiull, myrsnelle og sumphaukeskjegg. Heilt i bakgrunnen skimtar ein Svartløkfjellet (562 m o.h.).



Figur 4.4. Klubbestorr er svært sjeldan på Sunnmøre, med berre eitt eller to stadfesta funn.

1523104 Amdam aust

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F12 Kystfuruskog
Utforming:	F1203 Fuktig furu-hasselskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogsdrift
Undersøkt/kjelder:	13.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 13.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og området er ikkje kartlagt tidlegare.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oppsida av vegen mellom Amdam og Skardbø skule, i eit berglendt og småkupert område. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F12 kystfuruskog, og minner mest om frisk til fuktig furu-hasselskog (F1203), sjølv om her tidvis truleg er nokså tørt. Vegetasjonen består for det meste av utarma lågurtskog og småbregneskog, stadvis med ei blanding av blåbær- og småbregneskog. Grasrike utformingar er også vanleg. Dominerande treslag er furu og hassel, med bjørk som kodominant. Elles veks her gran, gråor, hegg, morell, osp, platanlønn, rogn, selje og truleg svensk asal. For furu er det ein del døme på grove og gamle tre (sjeldan tjukkare enn ca. 50 cm), men jamt over er det moderate tredimensjonar og helst middelaldrande skog. Daudvedaspektet er såleis berre måteleg godt utvikla, og har truleg ikkje stor betydning for naturmangfaldet førebels, sjølv om innslaget av daud lauvved flekkvis er bra.

Artsmangfald: Av relevante karplanter kan nemnast gulaks, hengjeaks (ofte dominant), jordnøtt (svært talrik), krattlodnegras, lækjeveronika, markjordbær, sanikkel, skogburkne, skogfiol, skogsalat og vivendel. Av lavartar kan nemnast lungenever, skrubbenever og sølvnever (somme stader rikeleg på berg). Ut frå erfaringane med furu-hasselskogar i nærleiken kan det forventast funn av einskilde raudlista mykorrhizasoppar.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er sterkt prega av tidlegare beite, med store delområde dominert av grasartar og jordnøtt, og tydeleg eit nokså utarma planteliv kor mange viktige edellauvskogsartar førebels ser ut til å vere fråverande. I dag går utviklinga i retning av elde naturskog.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt kystfuruskog, med mykje lågurtutforming og dels fuktig furu-hasselskog. Potensialet for funn av raudlista mykorrhizasoppar vektleggast noko ved verdivurderinga.



Figur 4.5. Frisk og berglendt furu-hasselskog på oversida av vegen ved Amdam.

1523105 Amdam: Brattebakkane

Nummer i Naturbase:	BN00021551
Hovudnaturtype:	Rasmark, berg og kantkratt
Naturtype:	B01 Sørvendt berg og rasmark
Utforming:	B0101 Kalkrik og/eller sørvendt bergvegg
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	16.05.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 16.05.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er lokalitet 21 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved sjøen nedanfor gamle Amdam planteskule. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til B01 sørvendt berg og rasmark, med utforminga B0101 kalkrik og/eller sørvendt bergvegg. Vegetasjonen er tørkeutsett lågurtvegetasjon, med ein del kantkratt og små og spreidde oppslag av meir eller mindre rike hasselkratt og anna. Treslag som klorer seg fast er m.a. ask (NT) bjørk, hassel, furu, morell og osp, men òg ein og avvan kristtorn pluss ein villapal.

Artsmangfald: Av interessante karplanter kan nemnast jordnøtt, liljekonvall (talrik i vest), lækjeveronika, markjordbær, ramslauk, sanikkel, skogfiol, skogsalat, svarterteknapp og tiriltunge. På

bergveggar er det ofte mykje blyhinnelav, kystvrenge og vanleg blåfjelllav, meir sporadisk også lungenever og skrubbenever. Både dvergspett og grønspekk brukar området jamleg.

Bruk, tilstand og påverknad: Delar av lokaliteten er noko prega av avrenning frå gjødsling av fulldyrka mark på oversida, men generelt er her så tørt at dette berre er tilfelle i eit mindre delområde (i eit fuktsig).

Framande artar: Gran og lerk.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Ikkje relevant.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den har ikkje har kvalitetar som skulle tilseie B (viktig). Kvit skogfrue, som nemnast av Jordal & Holtan (2005) veks dessutan i eit anna område ved Amdam, og ikkje innanfor avgrensinga.

1523106 Amdam: Ådalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F09 Bekkekløft
Utforming:	F0901 Bekkekløft
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugssmål:	Hogst og treslagskifte
Undersøkt/kjelder:	16.05.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 16.05.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei lita kløft ca. 500 m sørvest for Amdam. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til naturtypen og utforminga bekkekløft (F09/F0901). Både lågurtvegetasjon og småbregnevegetasjon er vanleg, med ein del høgstaude-storbregnevegetasjon langs sig, dessutan einskilde små kjelder (kjeldeskog) og mindre innslag av flaummarksskog. Bekkekløfta har mykje hassel og osp, med innslag av bjørk, hegg, kristtorn, gran, platanlønn, rogn og selje. Flekksis er her store mengder med strønedfall (kvister og greiner) og liggande daud ved elles, men skogen i seg sjølv er nok ung til middelaldrande. Heilt i nord står likevel ein del grov osp, og nokre av desse ligg i dag nede.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blåknapp, hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, kusymre, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, skogburkne, skogfiol, skogsalat og vivendel. Langs bekkekantane dominerer vårkål, elles veks her bekkeblom, engkarse, mjødur, skogkarse, sumphaukeskjegg, sumpkarse og villrips. Lungeneversamfunnet er middels godt utvikla nedst i lokaliteten (mot Storfjorden), ofte med mykje blyhinnelav, kystvrenge, skrubbenever og vanleg blåfjelllav, sjeldan også lungenever. Fossekall hekkar i denne delen av elva.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er tydeleg prega av langvarig beite, og sjølv om det i hovudsak er slutt på denne bruken i dag ser det ut til at hestar frå nabobruket i nord har tilgjenge til lokaliteten.

Framande artar: Gran og platanlønn, dessutan skvallerkål i skråninga opp mot småbruket i nord.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Ikkje relevant.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den har ikkje har kvalitetar som skulle tilseie B (viktig). Dersom ein finn sjeldne eller raudlista soppar, helst i samband med hasselkratta, vil verdien kunne auke.



Figur 4.6. Frodig bekkemiljø, med mykje vårkål langs bekkjen, i Ådalen noko sørvest for Amdam.

1523107 Liset: Bruna

Nummer i Naturbase:	BN00021545
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F12 Kystfuruskog
Utforming:	F1203 Fuktig furu-hasselskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogsdrift
Undersøkt/kjelder:	16.05.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 16.05.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er lokalitet 24 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på sørsida av Gausneset, mellom Lisetvik og det nedlagde bruket Gausnes. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F12 kystfuruskog, med ein del av utforminga F1203 fuktig furu-hasselskog, men òg noko gammal furuskog (F0802) og rike hasselkratt (F0103). Vegetasjonen er mykje variert, med knauskog i dei høgstliggande partia, lågurt- og småbregneskog under berg og i lågareliggande, bratte parti og sjeldan også kjeldesumpskog nedst mot gardsvegen ut til Gausnes. Bjørk, hassel og furu er dei viktigaste treslaga, med innslag av alm (NT), sjeldan), gran, gråor, hegg, kristtorn, krossved, morell, platanlønn, osp, rogn, selje og svartor. Daudvedaspektet er middels godt utvikla, best er det i vest og i dei høgaste områda.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast breiflangre, fagerperikum, fingerstorr, hengjeaks, lundgrønaks (sjeldan), markjordbær, myske, sanikkel, skogfol, skogsalat og taggbregne. Flekkvis finn ein noko lungeneversamfunn, med artane kystnever, kystvrenge, lungenever, puteglye, skrubbenever og vanleg blåfiltlav. På hassel veks dessutan raudlistearten (NT) hasselrurlav, dessutan sølvpærelav, som begge her veks på si kjende innergrense.

Bruk, tilstand og påverknad: Her er spor etter tidlegare plukkhogst, og hasselkratta er også noko prega av tidlegare beite. I dag går utviklinga i retning gammal naturskog.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og meir eller mindre samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med innslag av ein mindre vanleg type som fuktig furu-hasselskog.



Figur 4.7. Lokaliteten Bruna er åssida bak garden Lisetvik.

1523108 Liset: Høggaugen

Nummer i Naturbase:	BN00021516
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog/F12 Kystfuruskog (10 %, 70 %)
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt/F1203 Fuktig furu-hasselskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Skogsdrift
Undersøkt/kjelder:	12.05 og 02.06.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 12.05 og 02.06.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er lokalitet 22 i Jordal & Holtan (2005), og i tillegg til justert avgrensing her verdien også auka i høve den tidlegare kartlegginga.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den bratte, sørvendte åssida ned mot Storfjorden, mellom Lisetvika i vest og Amdam i aust under fjellet Høggaugen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Kalkutfellingar i dei bratte bergveggane gjer likevel at plantelivet nokre stader er rikt. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området først dels til rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt og kystfuruskog, her med utforminga F1203 fuktig furu-hasselskog, men har også mykje sørvendt berg og rasmark (B0101 kalkrik og/eller sørvendt bergvegg). Ein kunne også diskutert om ikkje mindre delområde kan først til kalkskog (F0301 tørr kalkfuruskog) eller gammal barskog (F0802 gammal furuskog). Rik og godt utvikla lågurtvegetasjon finn ein spreidd, men også småbregneskog (storfrytleutforming) og knausskog er representerte. Viktige treslag er bjørk, hassel og furu, med innslag av bergasal, gråor, hegg, hengjebjørk, krossved, morell, osp, rogn, rognasal, selje og svartor. Særleg er her mykje daud lauvved, medan gadd og læger av furu førekjem meir spreidd, med god spreiding i dimensjonar og nedbrytingsstadium. Vindfall etter 1992-orkanen ser ein mykje av.

Artsmangfald: I bergveggane veks svakt til klart kalkkrevande artar som bergasal, bergfrue, blankburkne (austgrense for den varianten som ikkje veks på olivin) og murburkne. I rikare lågurtsamfunn finn ein blåknapp, breiflangre, bråtestorr, fingerstorr, gulaks, hengjeaks, kvit skogfrue (NT, funnen i 1962 og funnen att i 2012), liljekonvall, loppestorr (i fuktsig), lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, myske, raudflangre (svært sparsam), sanikkel, skogfiol, skogsalat og svarterteknapp. Lungeneversamfunn er det mest av i vest, med grynfilflav, kystvrenge, lungenever, skrubbenever og vanleg blåfilflav. Interessante mosar er pusledraugmose (tidlegare raudlisteart som er bunden til roteved), kystflak, kystperlemose og strandsvansmose (desse tre er mindre vanlege), dessutan tannkrusmose, som indikerar baserike forhold. I lågurtskogen må det forventast funn av fleire sjeldne eller raudlista soppar, slik ein ser i liknande miljø i nærleiken. Kvitryggspett hekka i det vestlege delområdet i 2012, og også vaksen hønsehauk (NT) vart observert.

Bruk, tilstand og påverknad: Særleg er den vestlege delen av lokaliteten prega av tidlegare beite, men i dag utviklar heile området seg i retning gammal naturskog.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og meir eller mindre samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog. Teigen er dessutan artsrik, viser slektskap med kalkfuruskogane lenger inne i fjorden og har eit bra potensial for funn av sjeldne eller raudlista soppar.



Figur 4.8. Frå furuskogen under Høghaugen, her ei tørr og svak lågurtutforming som kan minne mykje om dei rike kalkfuruskogane lenger inne i Storfjorden.

1523109 Løkmyrane (Heiane)

Nummer i Naturbase:	BN00021515
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A08 Kystmyr
Utforming:	A0804 Blanding mellom jordvassmyr og nedbørsmyr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Drenering, planting av bartre og attgroing
Undersøkt/kjelder:	15.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 15.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er lokalitet 42 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg øvst i Solnørdalen, vest for Svartløksetra, og grensar i nord til Svartløkvatnet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til A08 kystmyr, med utforminga A0804 blanding mellom nedbørsmyr og jordvassmyr. Nedbørsmyr har størst areal. K3 fattig fastmattemyr er vanlegaste vegetasjonstype, og heile myra er tresett med bjørk og furu, flekkvis nokså grov furu på øyene i myra.

Artsmangfold: Mest interessante plantefunn er kan hende engstorr og myggblom (NT), medan her tidlegare også er funne engmarihand. Jamt over er myra likevel nokså fattig, og er ofte dominert av bjønnskjegg og torvull. Elles er det på tuver mykje blokkebær, dvergbjørk og røsslyng.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore drive litt med torvtekt, men denne bruken er det slutt på no. Truleg var her også eit utstakt beite den gongen Svartløksetra var i drift. Nyare inngrep som drenering og bartreplanting ser ein i kantsonene mot sør.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep, men beiting ville vore bra for å førebyggje attgroinga.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein stor og viktig del av dei store, opne myrflatene ein finn i dei høgareliggande områda rundt vatna øvst i Solnørdalen.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt kystmyr, og er svært representativ for naturtypen. Kystnedbørsmyr er dessutan raudlista (VU).



Figur 4.9. Parti frå den austre delen av Løkmyra (Heiane).

1523110 Sjøholt: Børdalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F12 Kystfurskog
Utforming:	F1203 Fuktig furu-hasselskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Hogstinngrep
Undersøkt/kjelder:	12.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 12.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei vestvendt skråning rett aust for kraftverket ved Giskemo. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral til sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F12 kystfuruskog, med mykje av utforminga F1203 fuktig furu-hasselskog, men har i tillegg noko gammal furuskog (F0802). Bjørk, hassel og furu er dominerande treslag, med innslag av gran, gråor, hegg, platanlønn, osp, rogn og selje. Skogstrukturen ser svært bra ut, med ein god del grov furu (100 cm i diameter er målt), dessutan mykje liggande daudved, særleg gjeld dette for lauvved. Vegetasjonen er ei blanding av svakt utvikla lågurtskog og småbregneskog, med spreidde høgstaudar og storbregnar i samband med dei mange fuktsiga. Overrisla mark er vanleg nedst og vest i området, og denne har ofte fellestrekk med myrkantar eller bekkantar.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast brunrot, engstorr (i baserike sig), fingerstorr, hengjeaks, lækjeveronika, myske, rynkebjørnebær, sanikkel, skogburkne, skogfiol, skogsalat, skogsnelle, skogstorkenebb, skogsvinerot, sumphaukeskjegg (svært talrik i baserike sig), ein basekrevjande art som taggbregne (sjeldan) og teiebær. Lungeneversamfunnet opptretr sparsamt på bergveggar, i alle fall med artane grynfiltlav, lungenever (på hassel) og vanleg blåfiltlav. Grønspett ser ut til å vere hekkefugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har vore mykje beita tidlegare, og har ein del grasmark grunna dette (ofte dominans av krattlodnegras, dels også gulaks). I tillegg ser ein spor etter eldre plukkhogstar. Både mot nord og vest grensar lokaliteten til granplantingar.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med ein del areal rikare fuktig furu-hasselskog.



Figur 4.10. Frå dei øvre delane av Børdalen, med grov furuskog og blåbær-småbregnevegetasjon.

1523111 Sjøholt: Giskemoberget

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet, dels del av BN00021535
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Hogstingrep
Undersøkt/kjelder:	12.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 12.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 28 i Jordal & Holtan (2005), med namnet Stiggrova. Naturtypen er endra frå rikmyr til gammal barskog, samstundes som mykje areal er lagt til sidan kartlegginga i 2004. Verdien er dessutan justert opp frå B til A.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den store, vestvendte lia aust for Giskemo, i området ved Amdamsetra og Lisetsetra, og er avgrensa på oppsida av den øvste skogsvegen her heilt sør til kraftlina. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. God tilgang på næringsrikt sigevatn medverkar likevel til at her er nokså artsrikt. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog, men har vesentlege innslag av fuktskog med same artsinventar ein finn på rikmyr (A05). Vegetasjonen er derfor ei god blanding av gammal blåbær- og småbregneskog, med ulike utformingar av fuktskog (m.a. A3e, men ofte meir næringsrikt). Furu og

bjørk er dominerande treslag, med rogn, osp og selje meir spreidd. Både grov gadd, grove læger og grove høgstubbar har ein bra frekvens, med ei viss spreiring både i dimensjonar og nedbrytingsstadium, både for furu og bjørk.

Artsmangfald: Av meir kravfulle karplanter assosierte med rik til middelrikmyr kan nemnast bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, kattedot, loppestorr, myrkråkefot, myrsaulauk, sveltull, svarttopp og tranestorr, dessutan kvitkurle (NT). Potensielt bør her kunne finnast sjeldne eller raudlista soppar bundne til daud furu. Gråspett ser ut til å vere hekkefugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har spor etter tidlegare plukkhogst, som har vore marginal då lokaliteten går heilt opp til skoggrensa. På nedsida av avgrensinga er landskapet elles sterkt prega av moderne skogsdrift. Truleg har her òg vore mykje beita dei åra setrane var drifta. I dag utviklar lokaliteten seg i retning gammal naturskog.

Framande artar: Ingen påvist, men truleg står ei og anna gran lengst nede i lokaliteten.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Gran bør fjernast dersom ho vandrar inn.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med god skogstruktur og bra med daudved. Den fuktige utforminga, med nokså mange artar assosierte med rikmyr er også svært uvanleg, og ikkje kjend frå andre delar av Sunnmøre.



Figur 4.11. Frå dei øvste delane av Giskemoberget, med glissen, gammal og baserik furuskog.

1523112 Sjøholt: Landedalen

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F07 Gammal lauvskog
Utforming:	F0702 Gammal bjørkesuksesjon
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar
Undersøkt/kjelder:	12.06.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 12.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Landedalen, i ei bratt vesteksponert li ca. 1,5 km nordaust for Valgjerdmo. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonssesjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F07 gammal lauvskog, med utforminga F0702 gammal bjørkesuksesjon, med ein vegetasjon og eit artsinventar som gjerne assosierast med gråor-almeskogar. Denne er i hovudsak ei høgstaude-storbregneutforming, spreidd også ein del småbregneskog og bergveggar. Skogen dominerast av til dels gammal bjørk, med innslag av alm (NT, sjeldan), gran, gråor, hassel, hegg, platanlønn, osp, rogn og selje. Når det gjeld daudvedaspektet er det særleg mykje liggande ved.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bruntelg (som er ein sjeldan variant av den vanlege bregnen sauetelg), enghumleblom, jordnøtt, kranskonvall, myske, myskegras, skogburkne, skogfiol, skogsalat, skogstjerneblom, skogsvinerot, sumphaukeskjegg, turt og trollurt. Typisk nok er det også mykje av oseaniske artar som bjønnekam og smørtelg. Lungeneversamfunnet er svakt utvikla, med lungenever og skrubbenever påvist på hassel og selje.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er relativt sterkt prega av tidlegare beite, m.a. med ein del krattlodnegras og sølvbunke som i flekkar begge opptre som dominante. I dag er det likevel rett å seie at skogen er i ein langsiktig suksesjon mot gammal naturskog.

Framande artar: Platanlønn har allereie etablert seg, og her står i tillegg einskilde grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og om lag intakt del av naturskogane i Landedalen, der mykje av arealet allereie er hogt og treslagskifta.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal bjørkeskog, med ei nokså artsrik og frodig utforming.

1523113 Sjøholt: Li

Nummer i Naturbase:	BN00021534
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugs mål:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 30 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nord for garden Li, ca. 1 km nord for Sjøholt sentrum. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D01 slåttemark, med utforminga D0104 frisk fattigeng. Vegetasjonen er ein utprega engvegetasjon, kan hende noko nitrofil i kantane.

Artsmangfald: Mest interessant er førekomstane av solblom, og rundt 70 rosettar fordelt på 5 grupper vart taksert i 2012 (mot 50 blomsterstenglar, eller minst 300 rosettar i 2002). Andre naturengplanter er grov nattfiol, lækjeveronika og tiriltunge.

Bruk, tilstand og påverknad: Området ser ikkje ut til å ha vorte slått sidan siste kartlegging i 2002, og er i rask attgroing.

Framande artar: Gran og platanlønn etablerer seg no i kantssonar.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske ville vore om ein kunne ta opp att den tradisjonelle skjøtselen, med vårbeite, seinslått og haustbeite. Dette er einaste måten å berge solblom og andre naturverdiar på.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer i dag ein liten rest av dei tradisjonelt drifta engsamfunna i området.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den framleis har noko solblom, dessutan er naturtypen truga.



Figur 4.12. Solblom i slåtteeenga ved Li. Som ein ser av bildet har attgroinga har kome langt.

1523114 Sjøholt: Sjøholtstranda aust

Nummer i Naturbase:	BN00067554
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	C (lokalt viktig)
Moglege trugs mål:	Skogsdrift, spreing av innførte treslag
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området vart først kartlagt 5. mars 2009 (av DH).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av bustadfelta aust for Liafjellet, i ei sørreksponert skråning ein liten km vest for Sjøholt sentrum. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt. Svakt til middels godt utvikla lågurtvegetasjon dominerer i lokaliteten, men her er også ein del sørvendte bergveggar og blokkmark, som har ein annan dynamikk. Hassel og bjørk er viktigaste treslag, med innslag av ask (NT), bøk, edelgran, hegg, gråor, platanlønn, rogn, osp og selje. Bortsett frå hasselkratta er skogen nokså ung, likevel med rikeleg daud lauvved og strønedfall i form av kvister og greiner.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast enghumbleblom, breiflangre, fingerstorr, hengjeaks, jordnøtt, krattlodnegras, kristorn, krossved, lækjeveronika, lundgrønaks, markjordbær, skogfiol, skogstorr og vivendel. Lungeneversamfunnet er til stede i øvre og midtre delar av lokaliteten, med artar som blyhinnelav, grynfiltlav, kystvrenge, lungenever, muslinglav, skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfiltlav.

Bruk, tilstand og påverknad: Austre og vestre del er tydeleg attgroande, gammal beitemark som i dag er hasselkog med mykje sølvbunke og krattlodnegras. Kulturpåverknaden er også truleg grunnen til at det er store oppslag av problemarten platanlønn. Mot nord grensar lokaliteten til ei kraftline, og det er granplantasjar rett utanfor det avgrensa området fleire stader.

Framande artar: Bøk, gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein lokalt viktig del av naturskogsmiljøa på Sjøholtstranda.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi den har ikkje har kvalitetar som skulle tilseie B (viktig). Funn av raudlista artar kan auke verdien, kanskje helst innanfor soppriket.

1523115 Sjøholt: Stormyra ved Lisetsetra

Nummer i Naturbase:	BN00021540
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A05001 Rik skog- og krattdekt myr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	12.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 12.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 27 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Lisetsetra, ca. 2 km aust for Giskemo. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til A05 rikmyr, med utforminga A05 rik skog- og krattdekt myr. Tidlegare har her truleg vore D2 slåttemyr. Vegetasjonen har mest M2 middelrik fastmattemyr. Kjelde- og sigvegetasjon finst også, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk.

Artsmangfald: Bjønnskjegg og blåtopp er dominerande karplanter, med innslag av meir kravfulle rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engmarihand, engstorr, fjellfrøstjerne, gulstorr, jåblom, myrsaulauk, sveltull og svarttopp. Potensielt bør her også finnast myggblom (NT), som veks i same slags miljø fleire stader i nærleiken.

Bruk, tilstand og påverknad: I 2002 vart området beita av kyr og ungdyr, og sjølv om drifta er redusert i dag går det framleis dyr på beite i skogane og på myrane her.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Det er ein føremon for vegetasjonen om beitinga takast opp att.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig del av dei store, opne myrflatene ein finn i dei høgareliggande områda rundt Ørskogfjellet og Vaksvikfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er intakt, med innslag av ein del kravfulle rikmyrsartar, m.a. viktige artar som engstorr og engmarihand.

1523116 Solnørdalen: Aust for Engjvatnet

Nummer i Naturbase:	BN00021532
Hovudnaturtype:	Våtmark
Naturtype:	E06 Viktig bekkedrag
Utforming:	E0604 Viktig gytebekk
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	21.05.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 21.05.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 34 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Engjvatnet i Solnørdalen, og utgjerast av ei elvestrekning som er avgrensa heilt fram til brua over bilvegen lenger framme i dalen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til E06 viktig bekke drag, med utforminga E0604 viktig gytebekk, i aust også med E0601, som er meanderande parti med naturleg kantsone. Vegetasjonen omfattar både kortskuddstrand (O1), elvesnelle-storrump (O3), langskotvegetasjon (P1) og krypsivvegetasjon (P3), utan at det kan seiast å vere godt undersøkt.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bukkeblad, flaskestorr, krypsiv, myrhatt og tusenblad. Mest relevant og interessant i høve til naturtypen er likevel førekomst av elvemusling (VU), dessutan er her gyteområde for både laks og sjøaure. Ein regionalt sjeldan art som kongeaugestikker finst også i denne delen av elva.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har vore, og er dels, noko beiting rundt vassdraget. Meir kritisk kan grasproduksjonen inst i dalen vere, i den forstand at ein kan risikere avrenning av gjødsel i samband med grasproduksjonen.

Framande artar: Ingen i elvestrengen, på land finn ein både gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Vassdraget er elles varig verna.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer eit viktig bindeledd mellom dei rike myrene øvst i vassdraget og naturreservatet i Solnørvika (i Skodje kommune).

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har elvemusling, samt er ei viktig elv for laks og sjøaure. Meanderar er lista som EN i raudlista for naturtypar, og vurderast som avgjerande for verdivurderinga.



Figur 4.13. Parti frå Solnørelva med mykje krypsiv på botnen.

1523117 Solnørdalen: Haugfjellet

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Møglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Akslevollvatnet oppe i Solnørdalen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Blåbærskog er mest utbreidde vegetasjonstype, med noko røsslyng-blokkebærskog, småbregneskog, meir myrlendt skog og spreidde innslag av høgstaudar og storbregnar i sig i dei brattaste liene. Furu og bjørk er viktigaste treslag, med innslag av boreale lauvtre som gråor, rogn, osp og selje, med hegg som eit litt meir varmekjært innslag. Høgreiste, middels grove furutre er representativt for området, med eit bra innslag av både liggande og ståande daudved.

Artsmangfald: Plantelivet er ikkje uventa trivalt, med typiske oseaniske artar som bjønnekam og smørtelg, elles andre vanlege artar som blåtopp, fugletelg, gulaks, hengjeveng, skogburkne, skogfiol, skogstjerne, sølvbunke, teiebær og tepperot. Gubbeskjegg (NT) veks spreidd til sjeldan på furu, medan lungenever vart funnen på rogn. Her er også del av leveområde for både kvitryggspett og storfugl. Potensielt bør her i tillegg finnast sjeldne eller raudlista vedbuande soppar bundne til furulæger.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er i grunnen få spor etter eldre plukkhogstar, kan hende grunna ein del areal med glissen skog. Nyare skogsdrift har det ikkje vore. Beite var vanleg tidlegare, og viser att som grasdominerte delområde i teigen. I dag er heile området i ei dynamisk utvikling som eldre naturskog.

Framande artar: Gran finst, men er sjeldan.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust, og dekkjer saman med tilgrensande naturtypelokalitetar i nabokommunen Skodje eit areal på fleire kvadratkilometer med nær urørt naturskog.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog med eit realistisk potensial for funn av raudlista, vedbuande soppar.



Figur 4.14. Representativt parti frå området ved Haugfjellet, med sterkt oseanisk blåbærskog som har mykje av bregnane bjørnkam og smørtelg som typiske innslag.

1523118 Solnørdalen: Kamben/Furenakken

Nummer i Naturbase:	BN00021524
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F13 Blandingsskog
Utforming:	F1302 Sørboreal blandingsskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar
Undersøkt/kjelder:	19.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 19.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 41 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Akslevollvatnet oppe i Solnørdalen, rett nord for Liasetra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F13blandingsskog, med utforminga F1302 sørboreal blandingsskog, og utviklar seg i retning av blandinga mellom gammal furuskog (F0802) og eldre ospesuksjonar (F0701), med innslag av rikare hasselkratt (F0103). Vegetasjonen er grasdominert grunna tidlegare beite, likevel med brukande innslag av svakt utvikla lågurtskog og mykje småbregneskog. Bjørk, hassel og osp er viktigaste treslag, med innslag av barlind (VU), gran,

gråor, hegg, platanlønn, rogn og selje. Berre furu kan seiast å opptre med eldre tre, elles er det ung til middelaldrande skog, med lite daudved bortsett frå lauvtreleger.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast bjønnekam, fugletelg, grov nattfiol, hengjeaks, hengjeving, krattlodnegras, kvitbladtistel, jordnøtt, smørtelg, storfrytle, sølvbunke og teiebær.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er sterkt prega av tidlegare langvarig beite, og dei siste åra har det også vore vedhogst i utkanten av området i sør og vest, der det er lettast å kome til.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av den gode førekomsten av barlind (VU), som tel kring 30 buskar.



Figur 4.15. Typisk skoginteriør ved Kamben/Furenakken, med grasdominert mark og ulike lauvtre.

1523119 Solnørdalen: Liafjellet, nordsida

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	21.05.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 21.05.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Solnørdalen på nordsida av Liafjellet, rett sør for Dekkjavatnet, og utgjer det meste av den nordvendte skrenten under fjellet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sør- til mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog, med innslag av nordvendte kystberg (B0403, som er moserik fjellheutforming). Vegetasjonen har ein del fattige myrflekkar og ofte glissen impedimentskog, elles er vegetasjonen på bergveggar og i bergsprekkar det som gjer lokaliteten mest interessant. Furu er dominerande treslag, med spreidde innslag av bjørk, rogn og selje, dessutan lerk oppe i høgda. Sjølv om ein berre ser spreidde, grove furutre, er det grunna den lave boniteten god grunn til å tru at skogen i seg sjølv er gammal. Daudved, dvs. gadd og læger av furu, ser ein spreidd, med låg spreining i dimensjonar og nedbrytingsstadium

Artsmangfald: Av karplanter finne ein sparsamt litt kravfulle artar som dvergjamne og fjelltistel. For det meste er karplantefloraen prega av artar bundne til fattig myr og fattige skogtypar, slike som bjønnskjegg, finnskjegg, kvitsymre, skogstjerne og smørtelg. Mest interessant er mosefloraen, som er det viktigaste grunnlaget for avgrensing og verdisetting av lokaliteten. Beste funn er prakttvibladmose, som vart funnen både i øvre og nedre delar av teigen. Dette er ein sterkt oseanisk, sørleg art med få funn inne i fjordane. Elles kan nemnast gullhårnase, heimose, raudmuslingmose, småstylte, storstylte og stripefoldmose. Lungeneversamfunnet er ikkje overraskande svakt utvikla, med funn av berre lungenever og skrubbenever på rogn. Gubbeskjegg (NT) opptrer spreidd og fåtalig på gamle furutre.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har truleg vore noko beita tidlegare, og ser ut til å vere om lag utan spor etter plukkhogst. Tilstanden som gammal naturskog er såleis god.

Framande artar: Gran og lerk, men svært fåtalige.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust, og grensar dessutan i vest til Liafjellet naturreservat.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den utgjer ei interessant og sjeldan utforming av boreal, oseanisk furuskog, som er svært sjeldan i Møre og Romsdal (samla sett er det kjent færre enn 5 lokalitetar med denne naturtypen).



Figur 4.16. Typisk parti på nordsida av Liaffjellet; boreal og uproductiv furuskog med ein del myrflater.

1523120 Solnørdalen: Solnørdalslia

Nummer i Naturbase:	BN00021531
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F12 Kystfuruskog
Utforming:	F1203 Fuktig furu-hasselskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruk
Undersøkt/kjelder:	14.05.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 14.05.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 36 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Barlindhaug i Solnørdalen, på grensa mot Skodje kommune, og er ei nokså bratt, soleksponert og vekselfuktig li. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oceanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F12 kystfuruskog, og har ein del areal med F1202 fuktig furu-hasselskog, men òg noko F0802 gammal furuskog og meir eller mindre gamle ospoholt (F0701). Vegetasjonen vekslar frå fattig knauskog og blåbærskog i dei øvste partia, til frisk lågurt- eller småbregneskog ned mot dalbotnen. Hassel, osp og furu er samla sett viktigaste treslag, med innslag av barlind (VU), bjørk, gran, gråor, hegg, platanlønn, rogn og selje. Dei øvre delane har ofte nokså grov furu, med ca. 80 cm i stammediameter for dei største, og mange tjukkare enn 50 cm.

Både liggande og ståande død barved er vanleg og utbreidd, sjølv om ein førebels ikkje kan snakke om kontinuitet for dette elementet.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blåknapp, fagerperikum, hengjeaks, kristtorn, kvitbladtistel, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skogfiol, sumphaukeskjegg og vivendel. Den oseaniske tilknytninga ser ein gjennom dei store førekomstane av bjønnekam og smørtelg. Gubbeskjegg (NT) er sjeldan, og veks på riktig gamle furutre. Også lungeneversamfunnet er etter måten svakt utvikla, med funn av lungenever, skrubbenever og stiftfiltlav på hassel, osp og rogn. Her er også del av leveområde for kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er dels omkransa av skogsvegar og hogstflater, helst mot aust og nord. Ein del grasmark tydar på eit nokså omfattande beite tidlegare, i dag er området generelt godt beita av hjort. Utviklinga går i retning gammal naturskog.

Framande artar: Gran (spreidd/fåtalig) og platanlønn (etablert på frisk mark i vest).

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, med noko fuktig furu-hasselskog, og dessutan innslag av barlind (VU).



Figur 4.17. Frå Solnørdalslia, her med barlind.

1523121 Solnørdalen: Svartløken (setra)

Nummer i Naturbase:	BN00021523
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	15.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 15.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 44 i Jordal & Holtan (2005), og etter kartlegginga (som var i 1995) er naturtypen endra frå naturbeitemark til slåttemark, medan verdien er auka frå C (lokalt viktig) til B (viktig).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg om lag midt på sørsida av Svartløkvatnet, og har grusveg inn frå Ørskogfjellet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D01 slåttemark, med utforminga D0104 frisk fattigeng. Vegetasjonen er kalkfattig fattigeng med jordnøtt og kystmaure, men også ein del finnskjeggutforming og sølvbunkemark.

Artsmangfald: Mest interessant av karplantene er to funn av solblom (VU), med i alt 35 rosettar og 13 blomstrande stenglar (ny for lokaliteten). Andre naturengplanter osb. er aurikkelsvæve, blåklokke, blåkoll, engfrytle, harerug, grov nattfiol, jordnøtt, kornstorr, kystmaure, lækjeveronika, raudsvingel, tepperot og tiriltunge, dessutan skogmarihand. Jordal & Holtan (2005) visar også til funn av einskilde vanlege beitemarkssoppar, nemleg engvokssopp, grøn vokssopp, honningvokssopp og skjør vokssopp i tillegg til stjernespora raudskivesopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Dei seinare åra har lokaliteten vorten sporadisk beita, og truleg ikkje slått sidan gardsdrifta vart lagt ned. Attgroinga har derfor kome ganske langt, med oppslag av blåbærris, einer og lauvkjerr i tillegg til store bjørnemosar. I kantsoner og på tørrare, meir grunnlendt mark er attgroinga ikkje like dryg, slik at det her framleis bør vere potensial for å finne sjeldne eller raudlista beitemarkssoppar.

Framande artar: Ingen påvist, men gran er i spreing inntil området.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som jordarbeiding, og sprøytemiddel er også negativt. Skal området ha nokon funksjon som slåttemark i framtida er det avgjerande å ta opp att skjøtselen nokså fort, med en kombinasjon av slått og beite, og ein skjøtelsplan hadde vore ønskeleg.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har innslag av ein truga naturtype som slåtteeng (EN) samt førekomst av raudlistearten solblom (VU).



Figur 4.18. *Parti frå Svartløksetra, med mykje kystmaure, ryllik og sølvbunke.*



Figur 4.19. *Solblom ved Svartløksetra, og som ein kan sjå gror her att.*

1523122 Solnørdalen: Sætrelia

Nummer i Naturbase:	BN00021526
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogsdrift
Undersøkt/kjelder:	14.05.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 14.05.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 39 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ein km nordvest for Barlindhaug, i den sørvesteksponerte skråninga under Haugfjellet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonssesjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen er ei blanding av knauskog, svakt utvikla lågurtskog, middels rik småbregneskog og blåbærskog på friskare mark. Furu og bjørk er viktigaste treslag, med eit bra innslag av hassel, dessutan alm (NT), barlind (VU), gran, hegg, osp, rogn og selje. Både liggande og ståande daud ved er spreidd, mest gadd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet, flekkvis med grove dimensjonar.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast notert breiflangre, firblad, furuvintergrøn, hengjeaks, jordnøtt, liljekonvall, lækjevintergrøn, myske, olavsstake, ramslauk, sanikkel, skogfiol, skogfredlaus og trollbær. Rike lavsamfunn er ikkje registrert. Vidare er her del av leveområde for kvitryggspett og storfugl.

Bruk, tilstand og påverknad: Tidlegare har her vore utstrakt utmarksbeite, mest i den nedre delen, men denne bruken var det slutt på for fleire tiår sidan. I dag ser ein spreidde spor etter gammal plukkhogst, og hovudinstrykket av lokaliteten er at den er i ei god og dynamisk utvikling som naturskog, med eit urørt preg særleg i den øvre delen.

Framande artar: Gran har spreidd seg noko frå tilgrensande plantasar, og det er samstundes innvandring av platanlønn i utkanten av lokaliteten, langs traktorvegane.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust, og dekkjer saman med tilgrensande, registrerte naturtypelokalitetar i nabokommunen Skodje eit areal på fleire kvadratkilometer med nær urørt naturskog.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, er artsrik og har eit bra innslag av gammal barlind (VU).



Figur 4.20. *Gammal barlind (VU) i Sætrelia.*

1523123 Storfjorden: Gausneset

Nummer i Naturbase:	BN00021543
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar
Undersøkt/kjelder:	11.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 11.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Området er vidare lokalitet 25 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på vestsida av Gausneset i Storfjorden. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar, likevel med kalkinnslag i bergveggane. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Her er også mindre innslag av kalkskog (F0301 tørr kalkfuruskog) og fuktig furu-hasselskog (F1203) pluss mykje berg og blokkmark, kalkrikt på sørsida av neset. Vegetasjonen er ei blanding av knausskog, svakt til godt utvikla lågurtskog, middels rik småbregneskog inkl. storfrytlemark, med blåbærskog på friskare mark. Furu, hassel og bjørk er viktigaste treslag, med innslag av alm (NT), bergasal, gran, gråor, hegg, osp, rogn, rognasal og selje. Særleg for furu er det jamt med grove dimensjonar. Både liggande og ståande daud ved finn ein vanleg til spreidd, mest gadd, utan at det er snakk om kontinuitet for dette elementet, flekkvis med grove dimensjonar.

Artsmangfald: Av karplanter kan nemnast blankburkne, breiflangre, furuvintergrøn, hengjeaks, kranskonvall, laukurt (yttergrense), liljekonvall, lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, myske, murburkne, ramslauk, raudflangre, sanikkel, skogfaks, skogfiol, skogsalat, skogskolm (yttergrense), skogsvinerot, skogvikke, svarterteknapp, tannrot og vårerteknapp. Lungeneversamfunnet er flekkvis godt utvikla og bra artsrikt, med artar som buktporelav, grynfiltlav, kystnever, kystvrenge, lungenever, skrubbenever, sølvnever og vanleg blåfiltlav, medan gubbeskjegg (NT) veks sjeldan på furu i dei fuktigaste partia. Raudlistearter kastanjelav (VU) og olivenlav (NT) bør kunne finnast, då dei begge er funne i tilsvarande miljø i nærleiken. Lavartane veks både på berg og ulike lauvtre (alm, hassel, osp, rogn og selje). Her er heilt klart eit bra potensial for funn av raudlista eller sjeldne mykorrhizasoppar bundne kan hende særleg til furu. Området er i tillegg del av leveområde for havørn og kvitryggspett.

Bruk, tilstand og påverknad: Området framstår som intakt, og her har ikkje vore hogd noko sidan sist på 1950-talet. Tilstanden som gammal naturskog er godt over middels samanlikna med mange andre lokaliteter i distriktet.

Framande artar: Gran og platanlønn, begge sjeldne.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt og gammal furuskog, er særleg artsrikt og variert, med fleire varmekjære artar og har eit bra potensial for funn av raudlista soppar. Det urørte preget trekk også opp.



Figur 4.21. *Gausneset sett mot sør, med Ramstaddalen i Sykkylven kommune i bakgrunnen.*



Figur 4.22. *Frodige og artsrike hasselkratt på vestsida av Gausneset, i ein fuktig furu-hasselskog.*

1523124 Storfjorden: Tysseskogen nedre

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog, F12 Kystfuruskog (70 % / 10 %)
Utforming:	F0802 Gammal furuskog, F1203 Fuktig furu-hasselskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar, utbygging til andre føremål
Undersøkt/kjelder:	28.05.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 28.05.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nedsida av E39/136 mellom Tyssegardane i vest og Apalset i aust. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog, og har i tillegg ca. 20 % innslag av F12 kystfuruskog, denne med utforminga F1203 fuktig furu-hasselskog. Langs sig og små kjelder kan det diskuteras om her også ikkje er små innslag av rikt hasselkratt (F0103), dessutan utarma rik sumpskog (F0601) svartorstrandskog (F0602). Vegetasjonen har mykje nokså rik lågurtvegetasjon, resten er godt utvikla og til dels noko rikare småbregneskog. Furu, hassel og bjørk er viktigaste treslag, med innslag av ask (NT), barlind (VU), gran, gråor, hegg, kristtorn, krossved, morell, osp, platanlønn, rogn, selje og svartor. Furutrea er ikkje sjeldan tjukkare enn 50 cm, og fleire tre på opp mot 90 cm vart målt. Den eine av dei to registrerte barlindene er om lag 10 m høg og 80 cm tjukk. Også for andre treslag finn ein jamt grove dimensjonar. Daudvedaspektet er generelt bra utvikla, særleg for liggande ved, som også har stor spreiding i dimensjonar og nedbrytingsstadium, men det er førebels ikkje snakk om kontinuitet.

Artsmangfald: Av interessante karplanter kan nemnast bergfaks (NT, sparsam), fingerstorr, hengjeaks, jordnøtt, kusymre (ca. 300 planter), lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, myske, ramslauk (i mengder), sanikkel, skogfiol, skogburkne, skogfredlaus, skogsalat, skogsvinerot og taggbregne. Lungeneversamfunnet ser ut til å vere om lag fråverande, berre med nokre få funn av blyhinnelav og kystvrenge. På hassel fann ein kystrustkjuke, og området har heilt klart eit bra potensial for funn av sjeldne eller raudlista soppar, både vedbuande og jordbuande. Kvitryggspett vart ikkje uventa observert i 2012.

Bruk, tilstand og påverknad: Lågurtskogen er prega av tidlegare beite, mellom anna er det oppslag av både krattlodnegras og sølvbunke, og store parti er også dominert av hengjeaks. Spor etter eldre plukkhogstar er synlege, men det må heilt klart vere lenge sidan siste hogst. I dag er skogen i ei dynamisk utvikling som gammal naturskog, allereie med uvanleg godt utvikla skogstruktur til å vere ein låglandsskog i nærleiken av tettbygde område.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har ein uvanleg godt utvikla skogstruktur, med mange grove tre og mykje daudved, fordi den er svært variert med fleire ulike naturtypar og vegetasjonstypar og etter måten artsrik. Potensialet for funn av rauslista sopp er også med og dreg verdien opp.



Figur 4.23. Taggbregne er alltid ein god indikator på rikare mark.

1523125 Storfjorden: Tysseskogen øvre

Nummer i Naturbase:	BN00067555
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	A (svært viktig)
Møglege trugssmål:	Skogbruksaktivitetar, utbygging til andre føremål
Undersøkt/kjelder:	02.06.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 02.06.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og er ei oppfølging av den første kartlegginga 05.03.2009.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oppsida av E39/136 mellom Tyssegardane i vest og Apalset i aust. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog og ein del sørvendte, litt kalkrike bergveggar med noko kalkkrevande vegetasjon, dessutan spreidde, rikare hasselkratt (F0103). Vegetasjonen har mykje nokså rik lågurtvegetasjon, resten er godt utvikla og til dels noko rikare småbregneskog. Furu, hassel og bjørk er viktigaste treslag, med innslag av ask (NT), bergasal, gran, gråor, hegg, kristtorn, krossved, morell, osp, platanlønn, rogn, selje og svartor. Furutrea er ikkje sjeldan tjukkare enn 50 cm, og fleire tre på kring 80 cm vart målt. Også for andre treslag finn ein jamt grove dimensjonar. Daudvedaspektet

er generelt bra utvikla, særleg for liggande ved, som har stor spreing i dimensjonar og nedbrytingsstadium, men det er førebels ikkje snakk om kontinuitet.

Artsmangfald: Av interessante karplanter kan nemnast blankburkne (i bergvegg), fingerstorr, hengjeaks, jordnøtt, kusymre, lundgrønaks, lækjeveronika, markjordbær, murburkne (i bergvegg), myske, sanikkel, skogfiol, skogburkne og svarterteknapp. Lungeneversamfunnet er til stades hist og her på bergveggar og rikborkstre, med registrerte artar som blyhinnelav, grynfiltrlav, kystfiltrlav, kystvrenge, lungenever, muslinglav, olivenfiltrlav (NT), skrubbenever, sølvnever (sparsam) og vanleg blåfiltrlav. Interessante mosar er m.a. gulband, gullmose, kystband og tannkrusmose. På osp fann ein ospekvitkjuke (NT), som indikerar ein viss kontinuitet for førekomsten av daud osp, og området har heilt klart eit bra potensial for funn av sjeldne eller raudlista soppar, både vedbuande og jordbuande.

Bruk, tilstand og påverknad: Det har nok vore litt beita her tidlegare, og spor etter eldre plukkhogstar ser ein over heile fjøla. I dag er skogen i ei dynamisk utvikling som gammal naturskog, allereie med uvanleg godt utvikla skogstruktur til å vere ein låglandsskog i nærleiken av tettbygde område.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har ein uvanleg godt utvikla skogstruktur, med mange grove tre og mykje daudved, fordi den er svært variert, med fleire ulike naturtypar og vegetasjonstypar og etter måten artsrik. Potensialet for funn av rauslista sopp er også med og dreg verdien opp.



Figur 4.24. Kusymre kan ofte vere talrik i godt utvikla lågurtskog, slik som i Tysseskogane.

1523126 Vaksvik: Visetelva - Kvitneset

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F01 Rik edellauvskog
Utforming:	F0103 Rikt hasselkratt
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Alle typar inngrep, beite med sau eller geit
Undersøkt/kjelder:	28.05.2012, DH & PL
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 28.05.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett vest for Viset ved Vaksvika, ned mot Storfjorden på sørsida av dyrkamarka her. Berggrunnen består truleg av gabbro, og gir generelt voksterforhold for litt kravfulle artar. Området ligg i klart oceanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F01 rik edellauvskog, med utforminga F0103 rikt hasselkratt. Dersom skogen får stå og utvikle seg vil her òg verte mindre delområde med furuskog og fleire ospesholt. Vegetasjonen er for det meste svakt til middels godt utvikla lågurtskog, med små innslag av kjeldeskog og sumpskog mot søraust. Hassel og bjørk er viktigaste treslag, med innslag av furu, gråor, hegg, kristtorn, krossved, platanlønn, morell, osp, rogn, rognasal, selje og svartor. Grunna tidlegare beite er det meste av skogen ung, slik at daudvedaspektet førebels knapt er utvikla.

Artsmangfald: Mest interessant er den store førekomsten av den freda orkidéen kvit skogfrue (NT), som vart taksert til 79 stenglar fordelte i tre ulike delområde. Ein annan kravfull orkidé, breiflangre, er også svært talrik. Elles veks her fagerperikum, fingerstorr, grov nattfiol, hengjeaks, jordnøtt, kvitbladtistel, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, myske, sanikkel, skogburkne, skogfiol, skogsalat og teiebær, med bekkeblom, sumphaukeskjegg og villrips i sumpområda. Lungeneversamfunnet vantar, med berre spreidde funn av blyhinnelav og skrubbenever på bergveggar, medan ein interessant art og svært sjeldan art som skjorbeger (VU) veks i kantsoner inntil avgrensinga. Interessante mosar er labbmose, lurvteppemose, pelssåtemose, ryemose og tvillingtvibladmose på bergveggar og bleiktujamose og storkransmose i botnsjiktet.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er sterkt prega av tidlegare beite, noko ein ser på dominansen av grasenger i friske til fuktige delområde, med mykje hengjeaks, krattlodnegras og sølvbunke. Ein saknar såleis mange av dei typiske edellauvskogsartane ein til vanleg ser i rik edellauvskog, m.a. breibladgrasa.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei store og samanhengande naturskogane som strekkjer seg frå Ørskog og vidare sørover på solsida av Storfjorden.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit svært bra tal med den freda orkidéen kvit skogfrue. Saman med nabolokaliteten sør for Visethalsen (BN00021558) er her taksert samla sett minst 330 stenglar. Berre to andre lokalitetar i Møre og Romsdal kan vise til liknande tal (i kommunane Rauma og Ørsta) for skogfrua.



Figur 4.25. To av om lag 80 stenglar med kvit skogfrue som vart registrert vest for Viset i 2012.

1523127 Vaksvik: Visethalsen

Nummer i Naturbase:	BN00021558
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F13 Rik blandingsskog i låglandet
Utforming:	F1301 Boreonemoral blandingsskog
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar, bergtekt
Undersøkt/kjelder:	04.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 04.06.2012 saman med Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 18 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Viset, på utsida av den nye tunnelen, ned mot Storfjorden. Berggrunnen består truleg av gabbro, og gir generelt voksterforhold for litt kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og boreonemoral vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F13 rik blandingsskog i låglandet, med utforminga F1301 boreonemoral blandingsskog. Heilt konkret dreier det seg om rike hasselkratt (F0103) i blanding med tørr kalkfurusskog (F0301) og eldre ospesuksesjonar (F0701), dessutan litt gråor-almeskog (F0106). Vegetasjonen er ei blanding av svakt utvikla til rik lågurtvegetasjon, godt utvikla småbregneskog, med spreidde høgstaudar og storbregnar i fuktig. Meir eller mindre kalkrike og/eller sørvendte bergveggar (B0101) med kantkratt inngår i dei brattaste delområda. Viktige treslag er først og fremst hassel, bjørk, furu og osp, med innslag av alm (NT), bergasal, gran, gråor, hegg, platanlønn, krossved, morell, osp, rogn, rognasal og selje. Skogen har varierende alder, utan at den

generelt, kan seiast å vere spesielt gammal. Daudvedaspektet er såleis underordna, og har knapt noko betyding for naturmangfaldet førebels.

Artsmangfald: Lokaliteten er først og fremst kjent for den gode bestanden av den freda orkidéen kvit skogfrue (NT), som er grovt taksert til kring 250 stenglar. Eit meir overraskande funn er truleg bergjunker (NT), eller mest sannsynleg krysninga mellom denne og ein meir vanleg art som bergfrue (ikkje ferdig utgreidd). Denne veks svært sparsamt i bergveggane inn mot den gamle Visettunnelen, og er i norsk samanheng berre kjent frå nokre få fjellområde i Rogaland, Nordland og Troms. Elles er her mange kravfulle planter bundne til rikare vegetasjonstypar, slike som bergmynte, bergrøyrkvein, breiflangre, fagerperikum, fingerstorr, grov nattfiol, kantkonvall, kransmynte, kusymre, liljekonvall, lundgrønaks, murburkne (i bergveggar), raudflangre, sanikkel, skogskolm, svarterteknapp, tannrot og vårmarihand. Dvergstanksopp (NT) og falsk brunskrubbb (NT) er førebels dei einaste kjente raudlista soppene, og i tillegg er her funne mange andre kravfulle artar innanfor denne artsgruppa. Potensielt bør her finnast fleire raudlisteartar bundne til rike hasselkratt eller tørr kalkfuruskog, kan hende også vedbuande artar som veks på alm eller osp. I dei høgstliggande delområda i sør er det litt lungeneversamfunn, m.a. med kastanjelav (VU) og rund porelav. Vidare vart det i 2012 funne ein stor bestand av den sjeldne raudlistearten skjørbeger (VU) på bergveggar nedst mot dyrkamarka ved Visethalsen, med minst 300 individ (som utgjer eit par kvadratmeter). Mosar assosierte med rik edellauvskog er galleteppemose og kveilmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er nokre stader sterkt prega av tidlegare beite, noko ein ser på den flekkvise dominansen av grasenger i friske til fuktige delområde, med mykje hengjeaks, krattlodnegras og sølvbunke.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og uerstatteleg del av dei store og samanhengande naturskogane som strekkjer seg frå Ørskog og vidare sørover på solsida av Storfjorden.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den har eit svært bra tal med den freda orkidéen kvit skogfrue. Saman med nabolokaliteten nord for Visethalsen er her taksert samla sett minst 330 stenglar. Berre to andre lokalitetar i Møre og Romsdal kan vise til liknande tal (i kommunane Rauma og Ørsta) for skogfrua. Innslag av raudlista artar i fleire ulike artsgrupper bidreg også til å trekke opp verdien.



Figur 4.26. Kvit skogfrue aust for Visethalsen i 2012, i svak lågurtmark. Samla sett utgjer bestanden av arten i områda kring Viset ein av dei 3 viktigaste i Møre og Romsdal, med minst 330 registrerte stenglar.



Figur 4.27. Skjørbeger (VU) på bergveggane ved Visethalsen.



Figur 4.28. Rosettar av bergjunker (NT)(eller krysninga mellom denne og bergfrue) til høgre, til venstre bergfrue.

1523128 Vaksvika: Vestre Sollia

Nummer i Naturbase:	BN00080042
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D01 Slåttemark
Utforming:	D0104 Frisk fattigeng
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Jordarbeiding og attgroing
Undersøkt/kjelder:	08.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 08.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 15 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i Vaksvika, og er det vestlegaste av bruka i Sollia, og det einaste av dei som ikkje er drifta. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D01 slåttemark, med utforminga D0104 frisk fattigeng. Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng, og dels frisk fattigeng, som ein finn mest av i meir eller mindre grunnlendte kantsoner.

Artsmangfald: Mest interessant var funn av ca. 60 blomstrande stenglar av solblom (VU) i 2011 og 2012. Andre naturengplanter er aurikkelsvæve, blåklokke, blåknapp, blåkoll, engfrytle, finnskjegg, geitsvingel, gulaks, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jordnøtt, knegras, kornstorr, kystgrisøyre, lækjeveronika, prestekrage, smalkjempe, småengkall, tepperot og tiriltunge. Elles vart det notert heistorr, loppestorr og kystmyrklegg. Det er noko usikkert kva potensial lokaliteten har i dag for funn av sjeldne eller raudlista beitemarkssoppar, men i grunnlendte kantområde burde det vere råd å finne noko.

Bruk, tilstand og påverknad: Lokaliteten er i dag sterkt attrodd, og arealet av sølvbunkeeng aukar for kvart år som går, kan hende unnateke i dei mest grunnlendte partia. I kantsoner kjem etter kvart opp lauvkjerr.

Framande artar: Ingen påvist, men både gran og platanlønn vandrar inn i nabolaget.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som jordarbeiding og sprøyting. Skal naturtypen slåttemark oppretthaldast er det naudsynt med snarlege tiltak som slått og beite, altså ein må få vekk gras og rydde bort lauvkjerr.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei mange intakte slåttemarkene i området Sollia og Vaksvikdalen som ein heilskap.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den framleis har eit etter måten bra tal med solblom (VU), samstundes som naturtypen er sterkt truga (EN).

1523129 Vaksvikfjellet: Løken

Nummer i Naturbase:	BN00021517
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattvokst myr
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Utbygging med fritidsbustader
Undersøkt/kjelder:	13.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 13.07.2012. Under tilsvarande kartlegging i 2010 deltok også Perry Larsen. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 7 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for det gamle sportskapellet inne i Vaksvika, på nordsida av vegen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen i lokaliteten har mykje K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har mest innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Rik kjelde- og sigvegetasjon finst også mange stader, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Dominante artar er bjønnskjegg, blåtopp og pors, og flekkvis ser ein også mykje rome. Av karplanter bundne til rikmyr kan nemnast bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engmarihand, engstorr, grov nattfiol, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, kornstorr, nykkesiv, myggblom (NT), sivblom, stortviblad, svartopp, svelttull og særbustorr. Særleg talrik er breiull, som er ein god rikmyrindikator ved masseførekomstar. Myrkråkefot, nykkesiv og sivblom har ei viss plantegeografisk interesse, og er her nær vestgrensa si. Mosar assosierte med rikmyr er myrskovlmose, myrstjernemose og stormakkmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er framleis noko beite av kyr og sauer, men truleg i langt mindre grad enn den gangen setrene i området vart drifta tradisjonelt. Store område har framleis opne myrflappar med rik til svært rik vegetasjon.

Framande artar: Eitt og anna grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen. Samstundes er det viktig at beiting vert oppretthaldt, dette for å førebyggje attgroinga. Krattrydding bør òg vurderast. Myra er i dag dessverre regulert til område for fritidsbustader. Ei utbygging vil heilt klart og for alltid øydelegge verdiane på ein irreversibel måte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjør ein svært viktig, uerstatteleg og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt rikmyr, samstundes som den er artsrisk og har ein god bestand av rikmysorkidéen engmarihand. Det vektleggast vidare at dette er mellom dei 3-4 beste utformingane for naturtypen på Sunnmøre, pluss at lokaliteten er ei av dei rikmyrene i fogderiet som samstundes har størst areal.



Figur 4.29. Engmarihand (den rosa planten) er ein orkidé som er ein god indikator for rikmyr.

1523130 Vaksvikfjellet: Sollisetra

Nummer i Naturbase:	BN00021518
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D04 Naturbeitemark
Utforming:	D0404 Frisk fattigeng
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Attgroing, utbygging til andre føremål
Undersøkt/kjelder:	13.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 13.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og

Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 8 i Jordal & Holtan (2005), og var feilplassert i høve til kartavgrensing den gongen.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ca. 700 m nord for det gamle sportskapellet oppe på Vaksvikfjellet, i eit godt soleksponert område. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D04 naturbeitemark, med utforminga D0404 frisk fattigeng. Vegetasjonen er dels G3 sølvbunkeeng og dels frisk fattigeng (inkl. G4b, som er jordnøttutforming), også med innslag av G1c oseanisk finnskjeggen.

Artsmangfald: Mest positivt er at solblom (VU) ikkje har forsvunne, og at også kvitkurle (NT) framleis er til stades. Solblomen har fått sterkt redusert bestand sidan siste kartlegging i 2001, frå ca. 500 blomstrande stenglar til ca. 2000 rosettar (forholdet mellom blomstrande stenglar og rosettar ligg gjerne i gjennomsnitt i storleiken 1/7, altså ein reduksjon i storleiken 1500 rosettar eller kring 43 % på 11 år). Andre naturengplanter eller oseaniske artar var i 2012 aurikkelsvæve, blåklokke, bråtestorr, engfrytle, finnskjegg, harerug, heiblåfjør, heisiv, heistorr, gulaks, jonsokkoll, jordnøtt, kystmaure, lækjeveronika, prestekrage (ikkje funnen før), raudsvingel, tiriltunge og tepperot. Slik stoda er no er det truleg lite sannsynleg å finne raudlista eller sjeldne beitemarkssoppar, kan hende med unntak av i meir grunnlendte kantsoner.

Bruk, tilstand og påverknad: Sjølv om området må seiast å vere i sterk attgroing, går her framleis kyr og sauer på beite, med altfor lågt beiterykk. Tilstanden for vegetasjonstypene og førekomst av raudlisteartane nærmar seg derfor eit kritisk nivå i høve til å ta vare på naturtypen.

Framande artar: Ingen påvist.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som jordarbeiding og sprøyting med kjemiske middel. Skal naturtypen og naturmangfaldet oppretthaldast må ein snarast ta opp att tradisjonell skjøtsel med slått og beite. Gran inntil beitemarka bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig og nokolunde intakt del av dei mange slåttemarkene og naturbeitemarkene ein finn i område ovafor Vaksvika.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (svært viktig) fordi den framleis har ein god del av raudlistearten solblom (VU).



Figur 4.30. Solblom (VU) ved Sollisetra på Vaksvikfjellet i sterkt attgroande naturbeitemark, kor blåbærriis no er i ferd med å overta.

1523131 Vaksvikfjellet: Vest for Sollisetra

Nummer i Naturbase:	BN00021550
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattvokst myr
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugsmål:	Utbygging med fritidsbustader
Undersøkt/kjelder:	13.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 13.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 9 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett vest for det gamle sportskapellet inne i Vaksvika, på nordsida av vegen. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen i lokaliteten har mykje K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har mest innslag av M2 middlerik fastmattemyr. Rik kjelde- og sigvegetasjon finst også mange stader, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Dominante artar er bjønnskjegg, blåtopp og pors, og flekkvis ser ein også mykje rome. Av karplanter som høyrer heime på rikmyr kan nemnast bjønbrodd, breiull, brudespore, dvergjamne,

engmarihand (talrik, og spreidd over heile myra), engstorr, grov nattfiol, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, kornstorr, kvitkurle (NT), kvitmaure, myrsaulauk, nykkesiv, skogsiv, småsivaks, stortviblad, svarttopp, sveltull og særbustorr. Særleg talrik er breiull, som er ein god rikmyrindikator ved masseførekomst. Mosar assosierte med rikmyr er myrskovlrose, myrstjernemose og stormakkmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er framleis noko beite av kyr og sauer, men truleg i langt mindre grad enn den gangen setrene i området vart drifta tradisjonelt. Store område har framleis opne myrflekkar med rik til svært rik vegetasjon.

Framande artar: Eitt og anna grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som forstyrrar sivevasstraumen. Samstundes er det viktig at beiting vert oppretthaldt, dette for å førebyggje attgroinga. Krattrydning bør òg vurderast. Ei vidare utbygging med fritidsbustader ute på myra vil heilt klart og for alltid øydelegge verdiane på ein irreversibel måte.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig, uerstatteleg og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt rikmyr, samstundes som den er artsrik og har ein god bestand av rikmyrsorkidéen engmarihand. Det vektleggast vidare at dette er mellom dei 3-4 beste utformingane for naturtypen på Sunnmøre, pluss at lokaliteten er ei av dei rikmyrene i fogderiet som samstundes har størst areal.



Figur 4.31. Masseførekomst av rikmyrarten breiull ser ein fleire stader i området vest for Sollisetra på Vaksvikfjellet, kor det stadig kjem fleire fritidsbustader. Desse er eit stort trugsmål mot naturmangfaldet i lokaliteten dersom ein får byggje inne på myrflatene.

1523132 Vaksvikfjellet: Vestreelva

Nummer i Naturbase: BN00075823
Hovudnaturtype: Myr og kjelde

Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattvokst myr
Verdi:	A (svært viktig)
Moglege trugs mål:	Utbygging med fritidsbustader
Undersøkt/kjelder:	14.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 14.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 11 i Jordal & Holtan (2005), og også kartlagt saman med Perry Larsen 12.08.2010 i samband med planer om kraftutbygging. Det betyr at arealet er utvida i høve til undersøkinga som låg til grunn etter Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Vestresetra, eit par km nord for Vaksvik. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonssesksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen i lokaliteten har også K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har mest innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Rik kjelde- og sigvegetasjon finst også mange stader, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Dominante artar er bjønnskjegg, blåtopp og pors, og flekkvis ser ein også mykje rome. Av karplanter som høyrer heime på rikmyr kan nemnast bjønbrodd, breiull, dvergjamne, engmarihand, engstorr, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, knegras, korallrot, kornstorr, loppestorr, myggblom (NT), myrsaulauk, myrsnelle, nykkesiv, skogsiv, småsivaks, sumphaukeskjegg, svarttopp, sveltull, strengstorr og særbustorr. Særleg talrik er breiull, som er ein god rikmyrindikator ved masseførekomstar. Mosar assosierte med rikmyr er myrskovlmose, myrstjernemose og stormakkmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er framleis noko beite av kyr og sauer, men truleg i langt mindre grad enn den gangen setrene i området vart drifta tradisjonelt. Store område har framleis opne myrflekkar med rik til svært rik vegetasjon.

Framande artar: Eitt og anna grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen. Samstundes er det viktig at beiting vert oppretthaldt, dette for å førebyggje attgroinga. Krattrydding bør òg vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein svært viktig, uerstatteleg og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi A (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt rikmyr, samstundes som den er artsrik og har ein del av rikmyrsorkidéen engmarihand. Det vektleggast vidare at dette er mellom dei 4-5 beste utformingane for naturtypen på Sunnmøre, pluss at lokaliteten er ei av dei rikmyrene i fogderiet som samstundes har størst areal.



Figur 4.32. Myggblom (NT) er ei lita og spe plante, som er lett å oversjå.

1523133 Vaksvikfjellet: Visetbotnen

Nummer i Naturbase:	BN00021560
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattvokst myr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	20.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 20.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 6 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Visetsetra, ca. 4 km aust for Vaksvik. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen i lokaliteten har også K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har mest innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Rik kjelde- og sigvegetasjon finst også mange stader, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Dominante artar er bjønnskjegg, blåtopp og pors, og flekkvis ser ein også mykje rome. Av karplanter som høyrer heime på rikmyr kan nemnast bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engstorr, gulsildre, gulstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, jåblom, kattedot, knegras, kornstorr, kvitkurle (NT), myggblom (NT, ny i 2012), myrsaulauk, myrsnelle, nykkesiv, skogsiv, sumphaukeskjegg, svarttopp, sveltull og særbustorr. Oseaniske artar er heiblåfjør, heisiv og kystmyrklegg. Mosar assosierte med rikmyr er myrskovlrose, myrstjernemose og stormakkmose.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er framleis noko beite av kyr og sauer, men truleg i langt mindre grad enn den gangen setrene i området vart drifta tradisjonelt. Store område har framleis opne myrflekkar med rik til svært rik vegetasjon.

Framande artar: Eitt og anna grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen. Samstundes er det viktig at beiting vert oppretthaldt, dette for å førebyggje attgroinga. Krattrydding bør òg vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt rikmyr, samstundes som den er artsrik, med to raudlisteartar i lågare kategori.



Figur 4.33. Frå myrområda i Visetbotnen. Myggblom og kvitkurle (begge NT) er begge funne ved bekken.

1523134 Vestre: Vestreberget

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Skog
Naturtype:	F08 Gammal barskog
Utforming:	F0802 Gammal furuskog
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Skogbruksaktivitetar
Undersøkt/kjelder:	13.06.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 13.06.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på oppsida av grenda Vestre ved Vaksvika, og utgjertast av ei sørekspontert åsside. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til F08 gammal barskog, med utforminga F0802 gammal furuskog. Vegetasjonen har for det meste blåbærutforming, røsslyng-blokkebærskog og ein del parti småbregneskog med m.a. storfrytleutforming. Furu og bjørk er viktigaste treslag, med eit meir varmekjært innslag som hassel hist og her, elles gran, gråor, hegg, platanlønn, osp, rogn og selje. Særleg dei høgastliggande delområda har mykje grov furu, og dimensjonar på 70 cm eller meir i stammediameter er vanleg her, medan majoriteten ligg på ca. 40 –

50 cm. Daudvedaspektet er middels godt utvikla førebels, med spreidde førekomstar av både gadd og læger.

Artsmangfald: Oseaniske artar som bjønnekam og smørtelg dominerer i friske delar av lokaliteten, med mykje blåtopp på fuktigare mark. Elles er det på det jamne, med vanlege og vidt utbreidde artar som blåknapp, hengjeaks, skogburkne, skogfiol, skogstjerne, skrubbær og sumphaukeskjegg. Kan hende noko overraskande vart også ein varmekjær art som oftast veks rik lågurtskog funnen, nemleg sanikkel. I praksis vantar lungeneversamfunnet, med unntak for eit par vanlege artar som stiftfiltlav og vanleg blåfiltlav, som sjeldan veks på osp og rogn.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen er prega av tidlegare beite, med ein del høg og grov søyleeiner (opp til ca. 10 m høg og meir enn 20 cm tjukk). Sjølv om det avgrensa området er intakt, grensar det til både granplantingar og hogstflater.

Framande artar: Gran og platanlønn.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande furuskogane som strekkjer seg frå Sula og Ålesund i vest til Skodje og Ørskog i aust.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt, virkesrik, kompakt og gammal furuskog.



Figur 4.34. Typisk gammal blåbærfuruskog ved Vestreberget.

1523135 Ørskogfjellet: Aust for Løkelva

Nummer i Naturbase:	BN00021522
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattdekt myr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	15.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 15.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 43 i Jordal & Holtan (2005).

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Løkelva som renn ut frå Nysetervatnet på Ørskogfjellet. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen i lokaliteten har også K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har mest innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Rik kjelde- og sigvegetasjon finst også mange stader, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: To delbestandar av engmarihand er mest interessant, og den veks både aust og vest for Løkelva. Elles spreidd, men lokalt rikeleg av rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, fjellistel, gulstorr, jåblom, loppestorr, skavgras og svarttopp. Av desse er breiull og gulstorr dei mest talrike.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er framleis noko beite av kyr og sauer, men heilt klart i langt mindre grad enn den gangen setrene i området vart drifta tradisjonelt. Store område har framleis opne myrflekkar med rik vegetasjon.

Framande artar: Eitt og anna grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen. Samstundes er det viktig at beiting vert oppretthaldt, dette for å førebyggje attgroinga. Krattrydding bør òg vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med intakt rikmyr.

1523136 Ørskogfjellet: Kvanndalsetra

Nummer i Naturbase:	BN00021530
Hovudnaturtype:	Kulturlandskap
Naturtype:	D07 Kystlynghei
Utforming:	D0705 Kystfjellhei
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Attgroing
Undersøkt/kjelder:	15.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 15.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og

Romsdal. Lokaliteten er vidare nummer 46 i Jordal & Holtan (2005). Naturtypen er endra frå rikmyr til kystlynghei.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inst i Kvanndalen på Ørskogfjellet, rett vest for Kvanndalsetra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonssone og sør- til mellomboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast til D07 kystlynghei, med utforminga D0705 kystfjellhei. Vegetasjonen er ei blanding av utformingane H1c, d og e, altså røsslyng-slåttestorr-torvullutforming, røsslyng-krekling-lavutforming og røsslyng-heigråmose-lavutforming, og er vekselfuktig.

Artsmangfald: Mest interessant er funn av kvitkurle (NT), som også var til stades i 2012. Av andre karplanter kan nemnast bjønnbrodd, blåknapp, breiull, dvergjamne, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, heiblåfjør, jåblom, kattedot, loppestorr, sveltull, svarttopp og tiriltunge, mange av dei assosierte med rikmyr. I fuktige delområde dominerer bjønnskjegg og blåtopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Sauer beiter framleis i området, som gradvis gror att med bjørkekjerr.

Framande artar: Gran og lerk, men sjeldne.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep. Framande artar bør fjernast. Beitinga bør oppretthaldast og helst aukast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og samanhengande myrflatene og heiområda ein finn i fjellnære område både i Ørskog og Stordal kommunar.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den har eit etter måten bra areal med beite kystfjellhei, er artsrik og har ein raudlisteart i lågare kategori. Kystlynghei er dessutan ein truga naturtype.



Figur 4.35. Kvitkurle (NT) i kystfjellheia vest for Kvanndalsetra.



Figur 4.36. Kvanndalsetra (i bakgrunnen) og dei store hei- og myrområde her inne.

1523137 Ørskogfjellet: Kvanndalsetra, nord for

Nummer i Naturbase:	Ny lokalitet
Hovudnaturtype:	Myr og kjelde
Naturtype:	A05 Rikmyr
Utforming:	A0501 Rik skog- og krattdekt myr
Verdi:	B (viktig)
Moglege trugsmål:	Ingen kjende
Undersøkt/kjelder:	15.07.2012, DH
Stadkvalitet:	God

Områdeskildring

Innleiing: Omtalen er skriven av Dag Holtan i januar 2013 basert på eige feltarbeid 15.07.2012. Bakgrunnen for kartlegginga er naturtypekartlegging på oppdrag frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Geografisk plassering og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inne i Kvanndalen på Ørskogfjellet, på sørsida av brua som kryssar elva på veg inn til Kvanndalsetra. Berggrunnen består av ikkje inndelte gneisar, og gir generelt voksterforhold for lite kravfulle artar. Området ligg i klart oseanisk vegetasjonsone og sørboreal vegetasjonsseksjon.

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar: Området førast dels til A05 rikmyr, med utforminga A0501 rik skog- og krattgrodd myr. Vegetasjonen i lokaliteten har også K3 fattig fastmattemyr, særleg på dei store flatene, medan bakkemyrvegetasjonen i hellingane har mest innslag av M2 middelrik fastmattemyr. Rik kjelde- og sigvegetasjon finst også mange stader, men er underordna arealmessig. Det er spreidde oppslag av bjørk og furu.

Artsmangfald: Her finn ein rikmyrsartar som bjønnbrodd, breiull, dvergjamne, engmarihand, engstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, gulsildre, gulstorr, jåblom, kattedot, loppestorr, nykkesiv, skavgras, svelttull og svarttopp.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er framleis noko beite av kyr og sauer, men truleg i langt mindre grad enn den gangen setrene i området vart drifta tradisjonelt. Store område har framleis opne myrflekkar med rik til svært rik vegetasjon.

Framande artar: Eitt og anna grantre.

Omsyn og skjøtsel: Det beste for dei biologiske verdiane er om området ikkje utsettast for fysiske inngrep som forstyrrar sigevasstraumen. Samstundes er det viktig at beiting vert oppretthaldt, dette for å førebyggje atgroinga. Krattrydding bør òg vurderast.

Del av heilskapleg landskap: Lokaliteten utgjer ein viktig og intakt del av dei store og opne myrflatene ein finn rundt Vaksvikfjella og Ørskogfjella.

Grunngjeving for verdivurdering: Lokaliteten får verdi B (viktig) fordi den er nokolunde artsrik, og har førekomst av engmarihand.



Figur 4.37. Skavgras (dei tjukke, grønne og ugreina stenglane), breiull og avblomstra svarttopp.

4.3 Lokalteter som ikkje vart prioriterte i 2012

Av ulike årsaker vart ikkje alle kjente lokalitetar prioriterte ved feltarbeidet i 2012. Somme er øydelagde, andre har låg verdi (C, lokalt viktig) medan ein del område i kulturlandskapet (D01 slåttemark) nyleg har fått eigne skjøtselsplanar. I tillegg er det kartlagt noko rikmyr i samband med planane om småkraftverk ulike stader i kommunen. Den fulle oversikta for alle registrerte naturtypelokaliteter i Ørskog finn ein her: <http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/>.

Tabell 4.1. Liste over lokalitetar som ikkje vart prioriterte ved feltarbeidet i 2012.

Lokalitet	Naturtype	Utforming	Verdi 2005	Kommentar
Fremste Skorkja, vestsida	C01	C0104	A	Fjellområde prioriterast ikkje i 2012
Heimste Skorkja/Sandfjellet	C01	C0104	A	Fjellområde prioriterast ikkje i 2012
Sjøholt: Bårdsgjerde	D01	D0104	A	Har skjøtselsplan, handsamast ikkje her
Sjøholt: Utløpet av Ørskogelva			B	Øydelagt av inngrep
Solnørdalen: Sjøholtsetrane	D04	D0404	C	Heilt attgrodd, marginal/liten verdi
Solnørdalen: Søraust for Dekkjavatnet			C	Ikkje prioritert naturtype
Storfjorden: Lisetvatnet			C	Ikkje prioritert naturtype
Vaksvika: Aust for Hjellereiten	A05	A0501		Ikkje prioritert i 2012
Vaksvika: Dektene	A05	A0501	C	Intakt, men prioriterast ikkje
Vaksvika: Hallvarsætervatnet	A05	A0501	C	Ikkje prioritert naturtype
Vaksvika: Sollia austre	D01	D0104	A	Har skjøtselsplan, handsamast ikkje her
Vaksvika: Sollia øvre	D01	D0104	B	Har skjøtselsplan, handsamast ikkje her
Vaksvika: Utløpet av Vaksvikelva			C	Ikkje prioritert naturtype
Vaksvika: Vestre Sollia	D01	D0104	C	Ikkje prioritert i 2012
Vaksvikfjellet: Fremsteelva	A05	A0501	B	Heilt attgrodd, marginal/liten verdi
Vaksvikfjellet: Grytalisetra	D04	D0404	C	Ikkje prioritert i 2012
Vaksvikfjellet: Nord for Hjellesetra	A05	A0501	B	Ikkje prioritert i 2012
Vaksvikfjellet: Sætergrova	A05	A0501	B	Ikkje prioritert i 2012
Vestre: Skarbøen	D01	D0104		Har skjøtselsplan, handsamast ikkje her
Viset: Øggarden	D01	D0104	B	Har skjøtselsplan, handsamast ikkje her

5 Raudlista

Eit sentralt verktøy for å identifisere og klassifisere viktige område for biologisk mangfald er førekomst av raudlisteartar. Den norske raudlista vert oppdatert med jamne mellomrom av Artsdatabanken. Den siste kom i 2010 (Kålås mfl. 2010) og er basert på kjent kunnskap om ca. 35 000 artar innanfor ulike artsgrupper. 21,8 % av disse artane er ført opp på raudlista (4599 artar). Data om vekstane er henta frå Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>) 20.01.2013. For meir detaljerte data om dei einskilde funna visast det til lenka nemnt over.

5.1 Raudlista vekstar i Ørskog

5.1.1 Sopp

15 raudlista soppar er så langt dokumenterte frå Ørskog. Dette er eit etter måten lågt tal som kan aukast monaleg ved meir systematiske undersøkingar. Særleg vert potensialet for fleire funn i rik edellauvskog vurdert som stort, der rike hasselkratt og lågurt-furuskog er mest aktuelle naturtypar. Også i intakte og tradisjonelt drivne kulturlandskap bør det finnast fleire artar. Når det gjeld vedbuande artar, er potensialet helst knytt til gamle furutre eller osp, men òg alm eller hassel.

- 1) Ospekvitkjuke *Antrodia pulvinascens* (NT) veks på daude delar av osp, og vart funnen i eit gammalskogsmiljø i Tysseskogen (nord for vegen) i 2009.
- 2) Lurvesøtpigg *Bankera fuligineoalba* (NT) er bunden til gammal furuskog, og er funnen ved Haukåsen i 2009. Truleg oversett, då fleire gamle furuskogar ikkje er godt nok undersøkte.
- 3) Knippesøtpigg *B. violascens* (NT) er ein granskogsart som dei seinare åra har vandra inn i granplantingar vestpå. Fleire funn i gamle plantasjar i Landedalen.
- 4) Røykkøllesopp *Clavaria fumosa* (NT) er ein beitemarkssopp som vart funnen i gammal, velhedda slåttemark på Skardbø i 2011.
- 5) Lys ospeslørsopp *Cortinarius populinus* (VU) er nasjonalt sjeldan, og veks i rik lauvskog. Funnet i Solnørdal er norsk nordgrense.
- 6) Svartblå raudskivesopp *Entoloma chalybaeum* (NT) er ein beitemarkssopp som vart funnen i Sjøholtlia naturreservat i 2009, og dessutan i ei gammal, velhalden slåtteeng ved Bårdsgjerde i 2004.
- 7) Indigoraudskivesopp *E. euchroum* (NT) veks på daud ved, og vart funnen i Sjøholtlia naturreservat i 2002 (på gråor).
- 8) Gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (NT) er ein beitemarkssopp som er nokså talrik på slåtteengene ved Skardbøen.
- 9) Raudnande lutvokssopp *H. ingrata* (VU) veks også i slåttemarka ved Skardbøen.
- 10) *Inocybe cryptocystis* (DD) er ein lite kjent trevlesopp som vart funnen under gammal lind ved dåverande Ørskog vidaregåande skule i 2007.
- 11) Narrepiggssopp *Kavinia himantia* (NT) veks ofte blant mose på gammal alm, og vart funnen i Sjøholtlia naturreservat i 1999.
- 12) Dvergstanksopp *Mutinus caninus* (NT) veks gjerne i gamle hasselskogar, og vart funnen i hasselskog ved Viset i 2001.
- 13) Svartsølvpigg *Phellodon niger* (NT) er bunden til gammal furuskog, og er funnen ved Haukåsen i 2003. Den veks framleis under same furutreet.
- 14) Falsk brunskrubbe *Porphyrellus porphyrosporus* (NT) er bunden til rike hasselkratt. Funnen ved Viset i 2001.
- 15) Gråsvart kremle *Russula albonigra* (NT) veks gjerne i gamle hasselkratt, og er funnen i slike miljø nær Solnørvika.

5.1.2 Lav

Så langt er det funne fem raudlista lavartar i Ørskog.

- 1) Gubbeskjegg *Alectoria sarmentosa* (NT) veks gjerne på furu i gammal, litt fuktig furuskog, og finst spreidd og fåtaleg i slike miljø i kommunen.
- 2) Skjørbege *Cladonia callosa* (VU) er ein nasjonalt sjeldan eller kan hende oversett art (vanskeleg å artsbestemme) med funn frå 2012 på bergveggar nær Viset.
- 3) Kastanjelav *Fuscopannaria sampaiana* (VU) vart funnen ved Viset i 1999. Den veks i regelen på berg i rik edellauvskog.
- 4) Rotnål *Microcalicium ahlneri* (NT) er bunden til gamle furugaddar i fuktige miljø, og vart funnen ved Solnørelva i 1999.
- 5) Hasselrurlav *Thelotrema suecicum* (NT) veks på bork av hassel i kystnære, gamle hasselskogar. Funnen nær Gausneset i 2004.

5.1.3 Karplanter

Det ligg føre opplysningar om berre 7 raudlista karplanter i Ørskog.

- 1) Alm *Ulmus glabra* (NT) veks litt spreidd i Ørskog, mest i rike og soleksponerte lier. Grunnen til den nye raudlistestatusen (frå 2006) er almesjuka og at beiting frå hjort mange stader er eit alvorleg trugsmål.
- 2) Ask *Fraxinus excelsior* (NT) er òg relativt utbreidd i låglandet i kommunen (i spreining) og raudlista av liknande årsaker som alm.
- 3) Solblom *Arnica montana* (VU) veks i fleire gamle slåttemarker i kommunen, ma. Ved Bårdsgjerde, Solli og Sollisetra.
- 4) Kvitkurle *Pseudorchis albida* (NT) veks spreidd og fåtaleg i einskilde gamle slåttemarker (Bårdsgjerde) og sjeldan også på rikmyr i fjellnære område.
- 5) Fuglereir *Neottia nidus-avis* (NT) er bunden til rike hasselkratt, og er funne nær Viset.
- 6) Kvit skogfrue *Cephalanthera longifolia* (NT) er sjeldan og freda. Førekomstane ved Viset er mellom dei viktigaste i Møre og Romsdal (sjå bildet på framsida av rapporten).
- 7) Barlind *Taxus baccata* (VU) er ikkje så vanleg i Ørskog, med funn frå Tyssestranda (aust) og i gammal blandingskog innover mot Mevatnet.



Figur 5.1. *Kvitkurle (NT)*.

6 Kjelder

6.1 Litteratur

Direktoratet for naturforvaltning 2006 (oppdatert 2007). Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. DN-håndbok 13-1999.

Fremstad E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelsest, S. & Larsen, L.-K. 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim.

Holien, H. & Tønsberg, T. 2006. Norsk lavflora. Tapir forlag. 224 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1998. Noen soppfunn i ugjødsle beite- og slåttemark III. Agarica 15 (24/25):29-58.

Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.

Jordal, J.B. & Holtan, D. 2005. Kartlegging av naturtypar i Ørskog kommune. Rapport J. B. Jordal nr. 2-2005. 78 s. + kart. ISBN 82-92647-02-3.

Krog, H., Austhagen & T. Tønsberg, 1994. Lavflora. Norske busk- og bladlav. 2 utgave. Universitetsforlaget. 368 s.

Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. & Skjelsest, S. (red.) 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.

Lid, J. & Lid D. T. 2005. Norsk flora. 7. utgåve ved Reidar Elven. Det Norske Samlaget, Oslo. 1230 s.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Miljøverndepartementet 1992. Norsk oversettelse av Konvensjonen om biologisk mangfold: St. prp. nr. 56 (1992-93).

Miljøverndepartementet 1997. Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling – Dugnad for framtida. St. meld. nr. 58 (1996-97).

Miljøverndepartementet 2001. Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning. St. meld. Nr. 42 (2000-2001).

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk, Hønefoss.

Tveten, E., Lutro, O. & Thorsnes, T. 1998. Geologisk kart over Noreg, berggrunnskart Ålesund, M 1: 250 000. Noregs geologiske undersøking.

6.2 Verdsvevressursar

Følgjande databaser vart sjekka i januar 2013:

Mosedatabasen: <http://nhm2.uio.no/botanisk/mose/>


Lavdatabasen: <http://nhm2.uio.no/lav/web/index.html>

Soppdatabasen: <http://nhm2.uio.no/botanisk/sopp/>

Artskart: <http://artskart.artsdatabanken.no/FaneArtSok.aspx>

Naturbase: <http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

7 Kart



Kommentar til dekningskartet: Om lag 90 % av arealet i Ørskog er no tilfredsstillande kartlagt, i den forstand at alle A- eller B-lokalitetar skulle vere fanga opp.

